

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
Dato:	13.10.2020
Tid:	09:00

Dagsorden

Kl. 09:00-11:00 **Miniseminar om toppidrett**

- Velkommen og innleiing v/utvalsleiar Karianne Torvanger
- Inntaksreglementet v/fylkesdirektør opplæring og kompetanse Bjørn Lyngedal
- Det ordinære tilbudet v/fylkesdirektør opplæring og kompetanse Bjørn Lyngedal
- Idrettskretsen
- Olympiatoppen
- Diskusjon og spørsmål

Kl. 11:00-12:00 **Lunsj** (i kantina på Sandsli)

Kl. 12:00-13:00 **Orienteringar:**

- TV-aksjonen - WWF sitt arbeid for å kjempe mot plast i havet (20 min) v/Marthe Jansen, fylkesaksjonsleiar i Vestland.
- Ajourhaldet - formidling v/Øivind Høines, leiar seksjon inntak, forvaltning og sluttvurdering
- Nasjonale midlar til oppfølging i samband med Covid-19 v/Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør opplæring og kompetanse
- Planlagt oppstart Vg3 i skule v/ Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Kl. 13:00-15:00 (inkl. pause) **Sakshandsaming**

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i hovudutval for opplæring og kompetanse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Karianne Alette Torvanger

utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 18/20 GK 19/20	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 16.09.2020	2019/130	
RS 29/20 RS 30/20	Referatsaker Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar Orientering om utsetting av handsaminga av ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2019/146 2020/35844	
SI 17/20	Skriftlege spørsmål Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - om lærebøker på nynorsk	2020/38206	
PS 47/20	Politiske saker Høyrings svar frå Vestland fylkeskommune - «Bedre velferdstjenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (samarbeid, samordning og barnekoordinator)»	2020/58749	
PS 48/20 PS 49/20	Plan for kompetanseutvikling strategi 2020-2024 Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2019-2020	2020/47984 2020/59045	

Godkjenningssaker

GK 18/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksnr: 2019/130-22
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	19/20	13.10.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse
16.09.2020

Møtebok frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 16.09.2020 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	, Fjernmøte/videomøte
Dato:	16.09.2020
Tid:	09:00-16:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Karianne Torvanger	Leiar	A	
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV	
Emil Gadolin	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus L. Rasmussen	Medlem	A	
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Sonja Øvre-Flo	Medlem	H	
Jeanette Syversen	Medlem	R	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Rosalind Fosse	Medlem	FrP	
Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KrF	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Ingen			

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Birthe Andersen Haugen	Seksjonssjef, stab
Susan Husabø	Seniorrådgjevar, opplæring og kompetanse
Sigrud Isdal	Elev- og lærlingeombod
Øivind Høines	Seksjonssjef, inntak/forvaltning, opplæring og kompetanse
Mari-Kristine Morberg	Mobbbeombod
Aina Drage	Mobbbeombod
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 15/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 16/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 02.06.2020	2019/130	
GK 17/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 24.07.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 21/20	Oversikt over framtidig planlagde politiske saker	2020/43973	
RS 22/20	Oppdatert møteplan hausten 2020 - Hovudutval for opplæring og kompetanse	2020/41557	
RS 23/20	Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19	2020/54817	
RS 24/20	Informasjon til skulestart hausten 2020	2020/41557	
RS 25/20	Årsmelding NDLA	2020/41557	
RS 26/20	Vigo IKS - årsmelding 2019	2020/41557	
RS 27/20	Brev til Vestland fylkeskommune frå Foreningen Yrkeslabyrinten	2020/41557	
RS 28/20	Vellukka satsing på å få EU-midlar frå Erasmus+ til kompetanseutvikling i Vestland	2020/62755	
	Skriftlege spørsmål		
SI 15/20	Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - om digitalt samarbeid mellom skular	2020/38206	
SI 16/20	Spørsmål frå Tomren - MDG - Samarbeid med privatskular om inntak - utfordringar drøfta i årsmelding elev- og lærlingombodet	2020/38206	
	Politiske saker		
PS 34/20	Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2019-2020	2020/59045	
PS 35/20	Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2019-2020	2020/59071	
PS 36/20	Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose	2020/60664	
PS 37/20	HU OPPKO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20	2020/60738	
PS 38/20	Lokal forskrift om inntak og formidling	2020/12	
PS 39/20	Organisering av fagskulane	2020/36638	
PS 40/20	Rutine for utlån av skulebygg og idrettsanlegg til frivillige lag og organisasjonar	2020/57429	
PS 41/20	Askøy vgs - nybygg/rehabilitering	2020/56043	
PS 42/20	Høyringsuttale - forskrift lov om integrering	2020/58910	
PS 43/20	Administrativt innsparingsprogram	2020/62142	
PS 44/20	E-sport i Vestland fylke - svar på verbalpunkt i Fylkestinget desember 2019.	2020/187	
PS 45/20	Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024	2020/51083	
PS 46/20	Fråsegn: Etterspurnad om tiltak som kan auke smittevernet		

Godkjenningssaker

GK 15/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Møteleiar sette fram forslag om å utsette sak PS 34/20 «Årsmelding frå elev- og lærlingeombodet skuleåret 2019-2020». Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å utsette sak 34/20.

Møteleiar gjorde greie for at fire av sakene i dette møtet, som skulle vidare til møtet i fylkesutvalet den 17.09.2020, først går vidare til møte i fylkesutvalet den 29.09.2020.

Desse sakene er utsett til møtet i fylkesutvalet den 29.9.2020:

- PS 34/20 Årsmelding frå elev- og lærlingeombod for skuleåret 2019-2020.
- PS 35/20 Årsmelding frå mobbeombod for skuleåret 2019-2020.
- PS 38/20 Lokal forskrift om inntak og formidling
- PS39/20 Organisering av fagskulane

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

Orienteringar:

Elev- og lærlingeombodet: Årsmelding skuleåret 2019/2020 v/ ombod Sigrid Isdal.

Mobbeomboda: Årsmelding skuleåret 2019/2020 v/ omboda Mari-Kristine Morberg og Aina Drage.

Orientering om status - Inntak og formidling v/seksjonsleiar Øivind Høines.

Budsjett - og økonomiplan v/seksjonsleiar Birthe Andersen Haugen

GK 16/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 02.06.2020

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Vedtak

Møteboka frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 02.06.2020 vart godkjent utan merknader.

GK 17/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 24.07.2020

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Vedtak

Møteboka fra møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse den 24.07.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 21/20 Oversikt over framtidig planlagde politiske saker

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

RS 21/20 vart referert.

RS 22/20 Oppdatert møteplan hausten 2020 - Hovudutval for opplæring og kompetanse

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

RS 22/20 vart referert.

RS 23/20 Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Jeanette Syversen, R, sette fram forslag til fråsegn:

«Fråsegn om tiltak til auka smittevern i Bergen».

Hovudutval for opplæring og kompetanse tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Utvalet vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 2 røyster (SP og FNB)

RS 24/20 Informasjon til skulestart hausten 2020

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

RS 24/20 vart referert.

RS 25/20 Årsmelding NDLA

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

RS 25/20 vart referert.

RS 26/20 Vigo IKS - årsmelding 2019

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

RS 26/20 vart referert.

RS 27/20 Brev til Vestland fylkeskommune frå Foreningen Yrkeslabyrinten

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

RS 27/20 vart referert.

RS 28/20 Vellukka satsing på å få EU-midlar frå Erasmus+ til kompetanseutvikling i Vestland

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

RS 28/20 vart refert.

Skriftlege spørsmål

SI 15/20 Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - om digitalt samarbeid mellom skular

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

1 - Kva er omfanget av digitalt samarbeid mellom vidaregåande skular for å tilby programfag i Vestland?

Nettundervisning organisert av fylkesadministrasjonen

Tilbyr programfag for elevar i dei offentlege vidaregåande skulane i Vestland på studieførebuande utdanningsprogram.

Tilbodet er organisert sentralt ved fylkesdirektør for opplæring og kompetanse. Lærarar ved skular i Vestland er frikjøpt for å undervise i enkeltfag. All undervisning og pedagogisk oppfølging går føre digitalt, med unntak av nokre samlingar og gjennomføring av heildagsprøvar. Undervisning går føre på ettermiddagen (frå kl. 14 og utover), utanom skulane sin timeplan.

Tilbodet vart oppretta i 2014 (på bestilling frå fylkesutvalet) og har gradvis vert utvida med nye fag. Utvidinga av fagtilbodet har føregått i nær dialog med dei vidaregåande skulane.

Bakgrunn og mål for satsinga: å gi eit likeverdig fagtilbod til elevar i heile regionen, og gjennom dette styrke skulane sin posisjon, spesielt i distrikta - gjennom å tilby elevane fleire programfag enn det den enkelte skule sjølv kan tilby. Skular kan ikkje melde på fleire enn 5 elevar per fag. Dette for å sikre at tilbod med nok søkjarar på skulane vert opprettheldt.

Per i dag vert det undervist i programfaga: Fransk 3, Spansk 3, Tysk 3, Japansk I, Japansk II, Kinesisk I, Kinesisk II, Kinesisk III

Årskostnad: 1,7 mill.

Heimeundervisning organisert av fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, undervist ved Fyllingsdalen vgs.

Tilbyr studiekompetansefag til elevar i Vestland som av helsemessige årsaker har krav på heimeundervisning, slik at elevane kan oppnå generell studiekompetanse. All undervisning går føre digitalt, med unntak av nokre valfrie fysiske samlingar ved skulen.

Tilbodet er organisert som eit samarbeid mellom fylkesdirektøren og Fyllingsdalen vgs. Skulen har det administrative og pedagogiske ansvaret for elevane.

Årskostnad: 1,9 mill.

Fagtilbod: Norsk, Matematikk, Historie, Naturfag, Samfunnsfag, Engelsk

Samarbeid om programfag mellom skular

Skular har samarbeidd om å tilby enkelte programfag på tvers av skulane. Det er elevane på dei samarbeidande skulane som kan delta i undervisninga. Skulane som har samarbeidd er stort sett naboskular. Mellom anna har skulane i Nordfjord samarbeidd i mange år på denne måten.

Organisering: Ein lærar har hovudansvaret for opplæringa. Denne læraren har då all oppfølging av ei gruppe elevar på eigen skule, samt totalansvaret for undervisninga for alle elevane. Elevane på dei andre skulane får også litt oppfølging på sin skule. I fag som krev øvingar har det vorte organisert samlingar med alle elevane på ein av skulane.

Fagtilbodet har variert noko, men desse faga har vore med i ulike samarbeid: Spansk, Fysikk 2, Kjemi 2, Biologi, Friluftsliv

2 - Kva erfaringar har ein med fagleg digitalt samarbeid (digitalt samarbeid mellom vidaregåande skular for å tilby programfag i Vestland) mellom vidaregåande skular i Vestland (tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane)?

Nettundervisninga som har ei sentral organisering fått gode tilbakemeldingar, både hjå elevar og skulane.

Kvar haust spør vi elevane korleis undervisninga fungerer, og om dei er nøgde. Av elevar som tok språkfag som nettundervisning skuleåret 2017-18 svara 95 % at dei vil anbefale kurset til andre. Elevane seier:

«Det er lærerikt, og det er et godt klassemiljø»

«Det er veldig spennende og lærerikt, men på en helt annen måte enn det vi gjør vanligvis på skolen»

«Man lærer mer på grunn av at det er få i klassen og en god lærer»

«Fordi det er velorganisert, interessant fag og ikke vanskelig program å sette seg inn i»

«Er godt alternativ dersom man ønsker faget, men ikke kan ha det på skolen»

«Mindre gruppe gjør at du får snakke mer og lære mer»

«Det er veldig lærerikt, og man lærer å jobbe selvstendig og å jobbe med andre, ved hjelp av teknologi»

«Fordi det er et unikt tilbud, spennende og man får kontakt med elever fra andre skoler»

«Man lærer mye, men må være motivert»

Å flytte undervisninga til dagtid har vore eit ønskje blant elevar og lærarar, men dette har ikkje latt seg gjere grunna skulane sine ulike timeplanar.

I faga som naboskular har samarbeidd om har elevane vore nøgde med å kunne velje dei faga dei ynskjer utan å måtte bytte skule, noko som vert rekna som positivt både for elevane og skulane. Det har vore tekniske utfordringar som har gjort undervisninga vanskeleg, spesielt når undervisninga skulle gå i samstundes på skulane over video (frå klasserom til klasserom). Det har òg vore vanskeleg å samordne tidspunkt for videoundervisning, då skulane organiserer timeplanane ulikt.

Innsøkinga til fag i nettundervisninga organisert sentralt følger ikkje det vanlege inntaket i mars. Det medfører truleg at ikkje alle elevar ser desse som eit alternativ i fagkombinasjonar, og vidare at elevtalet i nettfaga er usikre til ut i august. Etersom nettfaga er eit supplerande tilbod til fag på skulane, kan vi løyse dette ved å tilby nettfag samtidig med det generelle inntaket.

3 - Korleis er interessa for meir digitalt samarbeid av denne typen?

Det har ikkje vore mogleg i denne omgang å undersøke interessa hjå elevane og skulane for meir digitalt samarbeid om tilby programfag.

Interessa blant elevane veit vi frå erfaringane frå tilboda, og tilbakemelding på måten undervisninga er gitt på, og at elevane har sett pris på fagtilbodet. At fagtilbodet gradvis har blitt utvida er også eit teikn på at det er godt motteke blant elevane.

Erfaringar frå perioden med heimeundervisning over nett grunna koronautbrotet (mars-juni)

På eit overordna plan er erfaringane frå perioden gode. Dette viser undersøkingar føreteke blant elevar, lærarar og skuleleiarar i Vestland fylkeskommune. Det fungerte å flytte undervisninga over på nett når vi var nøyd til dette.

Spesielt innan munnlege fag/ språkfag har erfaringane vore gode, litt verre for yrkesfag kor delar av opplæringa er praktisk.

Det er elles døme på elevar som likte denne forma for undervisning betre og hadde meir utbytte av den nettbaserte opplæringa enn den fysiske klasseromsundervisninga. Totalt sett er tilbakemeldinga at fulltidsundervisning på nett over tid blir for mykje. Det har sjølvstapt samanheng med fråvær av den sosiale dimensjonen ved å vere fysisk til stades på ein skule.

I tillegg ser vi av tilbakemeldingane at skulane i varierende grad har klart å samordne undervisninga over tid, slik at elevar har opplevd ei relativt stort arbeidspress og lite varierende undervisning. Dette viser at vi har eit behov for å arbeide vidare med leiing og undervisningskompetanse på nett, for å styrke motivasjonen blant elevane og kvaliteten i læringsarbeidet.

I haust har det vidare kome tilbakemeldingar på at elevar som må vere heime i karantene ikkje er nøgd med opplæringstilbodet dei får. Kombinasjonen av å drive tradisjonell undervisning på ein skule kombinert med heimeundervisning for einskilde elevar, er utfordrande.

Det er truleg slik at vi må leve med korona ei stund til, og i dette perspektivet er det nok stor interesse blant skuleleiarar og lærarar for å lære av kvarandre over nett og på fysiske samlingar (om mogleg), om korleis ein kan handtere ulike typar for læringssituasjonar. Leiing/organisering, ressursbruk og kvalitet i læringsarbeidet vil vere stikkord for slike samlingar.

4 - Kva er kostnaden med slikt samarbeid?

Nettundervisning organisert av fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Lærarane følger ordinært timetal og stillingsprosent per fag. Nokre mindre administrative kostnader kjem utanom.

Heimeundervisning organisert av fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, undervist ved Fyllingsdalen vgs.

For fag som heimeundervisning er elevtal per gruppe maks 5-6. Til tross for få elevar per fag er dette ein stor økonomisk innsparing, samanlikna med kostandar med tradisjonell heimeundervisning.

Samarbeid om programfag mellom skular

Per tilbydde fag har det gått med fleire lærartimar enn timetalet til faget. Typisk har det blitt brukt 6-7 lærartimar per veke i eit 5-timars fag. Det har vist seg å vere meir arbeid for læraren som har ansvar for faget enn i eit vanleg klasseromstilbod. I tillegg har skulane vald å ha oppfølging av elevane også på skulane der hovudlæraren ikkje jobbar.

SI 16/20 Spørsmål frå Tomren - MDG - Samarbeid med privatskular om inntak - Utfordringar drøfta i årsmelding elev- og lærlingombodet

Svar på spørsmål frå representanten Tomren (MDG) til møte i oppko 16. september

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse om samarbeid med privatskular om inntak til vidaregåande skule - Korleis har det blitt gjennomført denne sommaren, og korleis har det gått?

Tre private skular i Vestland er med i samarbeidet om inntaket til vidaregåande opplæring gjennom VIGO. Dette gjeld Danielsen vgs, St. Paul vgs og Sygna vgs. Dei andre privatskulane i fylket nyttar seg ikkje av Vigo. Vi har hatt god dialog med desse skulane gjennom inntaket i sommar.

Samarbeidet med dei tre skulane har vore lagt opp på ulike måtar i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland. Danielsen vgs og St. Paul vgs blir handsama likt med dei fylkeskommunale skulane

når det gjeld innsøking og tilbod. Dette tyder at elevane søker og får svar om eventuelle tilbod gjennom Vigo. For Sygna sin del søker elevane om inntak gjennom Vigo. Skulen får deretter ei liste over søkjarane og tek inn elevane sjølv. Dei er altså ikkje med i sjølve inntaket som blir gjort gjennom Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS). Etter at Sygna har gjort inntaket, får vi ei liste over søkjarar som takkar ja til skulen og nei til å stå på venteliste til offentlege skular. Desse blir då ikkje med vidare i inntaksprosessen i Vigo.

Samarbeidet med dei tre private skulane fungerer godt, spesielt når det gjeld ordinære elevar. Vi har noko meirarbeid på grunn av interne reglar for skulane og manuelle registreringar i Vigo. Vi registrerer mellom anna tilleggspoeng og har kontroll av rett. Det er likevel ein føremon å ha dei med i inntaket, fordi oppfølgingstenesta (no RLT) tidleg får god oversikt over søkjarar som ikkje har søkt til offentlege skular.

I det vidare samarbeidet med privatskulane er det ønskjeleg at vi får ein felles praksis som kan bidra til at manuelt arbeid blir redusert, og inntaket kan gjennomførast så rasjonelt som mogleg. Vi planlegg i løpet av hausten å invitere friskulane til eit felles møte for å starte førebuinga av inntaket neste år.

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse om spørsmål knytt til utfordringar som er drøfta i årsmeldinga til elev- og lærlingombodet:

Om samling for lærlingar ved starten av læretida:

Vestland fylkeskommune hadde i år 2849 søkjar til lære plass. Ein to dagars samling for alle førsteårs lærlingar kan estimerast til kr 2500,- pr stk. $\text{Kr } 2500,- * 2000 \text{ pers} = 5 \text{ mill}$

Reisekostnader er ikkje inkludert.

Fylkesdirektøren i Sogn og Fjordane har over år arrangert ein-dags samling for lærlingar. Samlingane har vore lagt til dei vidaregåande skulane. Tema har vore rettar og plikter for lærlingar. Psykisk helse og trafikktryggleik har også vore tema. Elev- og lærlingombodet har delteke på samlingane.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse ønskjer å legge til rette for lærlingsamlingar i Vestland og ser føre seg at samlingane blir arrangert av dei ulike rettleiingstenestene (RLT). I desse samlingane vil det vere naturleg at elev- og lærlingombodet deltek.

Dersom samlingane blir lagt til ein vidaregåande skule vil utgiftene knyte seg til servering, omlag kr 150 pr person. $\text{Kr } 150,- * 2000 \text{ pers} = \text{kr } 300.000,-$

Om digitalt lærebevis:

Lærlingar i Vestland fylkeskommune har i dag ikkje ei god løysing for å legitimere at dei har krav på studentrabatt når dei nyttar seg av kollektivtransport eller andre tilbod som gjer avslag i pris til dei som er i utdanning. Vestland fylkeskommune er i dialog med marknaden av slike tenester, og fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vurderer ulike former for innkjøp.

Konkret vil ein eigen app for lærlingar kunne gje ein årleg lisenskostnad på om lag 140 000 kroner. I tillegg vil det vere knytt kostnader til innføring og etablering av datautveksling mot andre system

og administrasjon av løysinga. Dei totale kostnadene vil vere mogleg å anslå gjennom ein innkjøpsprosess der ulike system blir vurderte.

Om ein ønsker å utvide ein slik app for legitimering til òg å omfatte både elevar og lærlingar i fylket, vil lisensprisen auke til om lag ein million kroner. Litt over halvparten av alle skulane har i dag eigne avtaler med leverandørar om slik app for legitimering. Det vil vere mogleg å gje både elevar og lærlingar ei slik løysing om dette blir prioritert politisk i budsjettbehandling.

Om kostnadar for å gi tilrettelagt opplæring til lærlingane som treng det:

Lærlingar har ikkje rett til spesialundervisning, men tilrettelegging av opplæringa. Lærekandidatar har rett til spesialundervisning og må då ha sakkunnig vurdering frå PPT. Omfanget av tilrettelegging avheng av tal lærlingar og kva utfordringar vi snakkar om.

Tidlegare tildelte Utdanningsdirektoratet midlar til tilrettelegging for lærlingar og lærekandidatar.

Fylkeskommunen har no fått overført Utdanningsdirektoratet sine midlar gjennom rammetilskotet. Midlane skal nyttast til lærlingar og lærekandidatar med behov for ekstra tilrettelegging. Det er utarbeida eigne rutinar for søking og forvaltning at desse midlane. Det er rettleiingstenesta som handsamar og tildeler midlar etter søknad.

I tillegg disponerer rettleiingstenesta nokre midlar til tiltak, gjennomføringsmidlar.

Politiske saker

PS 34/20 Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2019-2020

Forslag til innstilling:

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Emil Gadolin, A, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.»

Avrøysting (til utsetjing):

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vedtak

Saken vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.

PS 35/20 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2019-2020

Forslag til innstilling:

Fylkestinget tek årsmeldinga frå mobbeombodet til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Kristina Hamre Vakt skjold, KrF, sette på vegner av Krf, A, H, FrP, MDG, R, SP, SV og R fram slikt tilleggforslag:

«Utvalet støttar oppmodninga til mobbeombodet 1- 4, og at årsmeldinga sendes til alle kommunar. Særlig vil vi trekke frem oppmodning nummer 2 d; " alle tilsette i barnehage og skule må ha kompetanse om aktivitetsplikt, sosiale prosessar og mobbing. Det innebær mellom anna korleis relasjonskompetanse, god kommunikasjon og sakshandsaming i seg sjølv er med på å løyse ei sak. I tråd med det ønsker utvalet at skular etablerer interne rutiner for å håndterer mobbing. Videre oppmodar utvalget til å halde foreldremøte om mobbing.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hamre vakt skjold sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek årsmeldinga frå mobbeombodet til orientering.

Utvalet støttar oppmodninga til mobbeombodet 1- 4, og at årsmeldinga sendes til alle kommunar.

Særlig vil vi trekke frem oppmodning nummer 2 d; " alle tilsette i barnehage og skule må ha kompetanse om aktivitetsplikt, sosiale prosessar og mobbing. Det innebær mellom anna korleis relasjonskompetanse, god kommunikasjon og sakshandsaming i seg sjølv er med på å løyse ei sak".

I tråd med det ønsker utvalet at skular etablerer interne rutiner for å håndterer mobbing.

Videre oppmodar utvalget til å halde foreldremøte om mobbing

PS 36/20 Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

kr 1 000

Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300

Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000
Snøggåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400
Sum vegar	125 197
<hr/>	
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000
<hr/>	
Sum investeringar	-56 803
<hr/>	
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803
<hr/>	

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettendring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	

60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Tertialrapport pr. august 2020 - reknskapsprognose, tas til vitande.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 14 røyster (A, Sp, MDG, KrF, SV, FrP, FNB, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1.Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

2.Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

	kr 1 000
Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300
Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000
Snøggåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400

Sum vegar	125 197
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000
Sum investeringar	-56 803
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803

3.Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettendring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	
60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

Forslag til uttale

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2021.

2. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021- 2024.

3. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert budsjett for sektoren fordelt på løyingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Jeanette Onarheim Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20 tas til vitande..»

Åsmund Berthelsen (SV) sette på vegner av A, MDG, Sp ,SV og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

1.Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til at det pågåande arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring skal danne grunnlag for prioriteringar i sektoren. Eit mål- og strategidokument vil bli lagt fram for fylkestinget i desember til avgjerd.

Med dei store innsparingane som er foreslått kjem opplæringssektoren i ein svært alvorleg situasjon. Det vil vere umogleg å gjere innsparingar på 82,4 mill kr utan at kvaliteten på det vidaregåande skuletilbodet vert redusert. Og det vert lite handlingsrom og dårleg grunnlag for å utvikle den vidaregåande skulen i Vestland fylke.

2.På dette grunnlaget ber vi om at dei reduserte kostnadene som følgje av pensjonspremie (54 mill kr.) vert tilført Opplæring og kompetanse for å saldere budsjettet for 2021.

Hovudutvalet rår til at sektoren vert saldert i 2021 med følgjande innsparingstiltak;

Tiltak 1: avdeling for opplæring og kompetanse - vakansar 4 mill

Tiltak nr 2: bruk av akkumulert disposisjonsfond 30 mill

3. Den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen er slik at drifta må reduserast i perioden fram til 2024. Utvalet vil prioritere å vidareføre tiltak som er retta mot sårbare elev- og lærlinggrupper og undervisningsretta tiltak og utvalet vil ta stilling til innsparingar på sektoren når utgreiingsarbeidet på ulike tiltak er ferdigstilte. Utvalet rår frå at det vert gått vidare med følgjande innsparingsforslag:

- Skulefrokost
- Skulepsykologar
- Elev PC
- Produksjonsskulane i Vestland.
- Fagskulane i Vestland
- Miljøkoordinatorane
- YSK/TAF-tilbodet

I arbeidet med utlysning av tilbodet vil ein for skuleåret 2021/2022 lyse ut det tal klassar som budsjettet gjev grunnlag for.

4. Framlegg om alternative salderingspostar i pkt. 3.5. (37 mill kr) vert ikkje utgreidd. Det gjeld mellom anna framlegget om å ta bort utdanningsprogrammet musikk, dans og drama.

5. Utvalet sluttar seg til rammene i forslag til investeringsbudsjett og ser eit overordna behov for å skuve på investeringar. Utvalet vil likevel peike på at kvart investeringsprosjekt må planleggast og ha ein klar framdriftsplan. Utvalet meiner at utbyggingsprosjekta må sjåast opp mot elevtalsutviklinga for å sikre rett dimensjonering.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Berthelsen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (FrP, H, R)

Syversen sitt forslag fekk 5 røyster (FrP, H, R) og fall.

Vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til at det pågåande arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring skal danne grunnlag for prioriteringar i sektoren. Eit mål- og strategidokument vil bli lagt fram for fylkestinget i desember til avgjerd.

Med dei store innsparingane som er foreslått kjem opplæringssektoren i ein svært alvorleg situasjon. Det vil vere umogleg å gjere innsparingar på 82,4 mill kr utan at kvaliteten på det vidaregåande skuletilbodet vert redusert. Og det vert lite handlingsrom og dårleg grunnlag for å utvikle den vidaregåande skulen i Vestland fylke.

2. På dette grunnlaget ber vi om at dei reduserte kostnadene som følgje av pensjonspremie (54 mill kr.) vert tilført Opplæring og kompetanse for å saldere budsjettet for 2021.

Hovudutvalet rår til at sektoren vert saldert i 2021 med følgjande innsparingstiltak;

Tiltak 1: avdeling for opplæring og kompetanse - vakansar 4 mill

Tiltak nr 2: bruk av akkumulert disposisjonsfond 30 mill

3. Den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen er slik at drifta må reduserast i perioden fram til 2024. Utvalet vil prioritere å vidareføre tiltak som er retta mot sårbare elev- og lærlinggrupper og undervisningsretta tiltak og utvalet vil ta stilling til innsparingar på sektoren når utgreiingsarbeidet på ulike tiltak er ferdigstilte. Utvalet rår frå at det vert gått vidare med følgjande innsparingsforslag:

- Skulefrokost
- Skulepsykologar
- Elev PC
- Produksjonsskulane i Vestland.
- Fagskulane i Vestland

- Miljøkoordinatorane
- YSK/TAF-tilbodet

I arbeidet med utlysning av tilbudet vil ein for skuleåret 2021/2022 lyse ut det tal klassar som budsjettet gjev grunnlag for.

4. Framlegg om alternative salderingspostar i pkt. 3.5. (37 mill kr) vert ikkje utgreidd. Det gjeld mellom anna framlegget om å ta bort utdanningsprogrammet musikk, dans og drama.

5. Utvalet sluttar seg til rammene i forslag til investeringsbudsjett og ser eit overordna behov for å skuve på investeringar. Utvalet vil likevel peike på at kvart investeringsprosjekt må planleggast og ha ein klar framdriftsplan. Utvalet meiner at utbyggingsprosjekta må sjåast opp mot elevtalsutviklinga for å sikre rett dimensjonering.

PS 38/20 Lokal forskrift om inntak og formidling

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020
2. Fylkestinget vedtar nærskulematrise for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020

Saksprotokoll 10.09.2020 - Yrkesopplæringsnemnda

Avrøysting

Det var 10 representantar til stades.

innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

3. Fylkestinget vedtar framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020
4. Fylkestinget vedtar nærskulematrise for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Rasmus L Rasmussen, A, sette på vegner av A, SP, KrF, SV og MDG fram slikt forslag:

«1. Fylkestinget vedtar framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020

2. Fylkestinget vedtar nærskulematrise for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020, med følgjande endringar:

Elever frå Gulen får i tillegg nærskulepoeng til Knarvik vgs

Elevar fra heile Alver får nærskulepoeng til Bergen

Elevar frå Vik får i tillegg nærskulepoeng til Voss

Elevar frå tidlegare Balestrand kommune får i tillegg nærskulepoeng til Høyanger.

3. Nærskulematrisen evalueres kontinuerlig, og utilsikta, negative konsekvenser skal rettast så fort som mogleg gjennom politisk vedtak.

4. Fylkestinget ønskjer ei særleg evaluering av inntaksregion stor-Bergen. Evalueringa må gje ei grundig vurdering av konsekvensane av den nye modellen, særleg for elevar busett i Bergen med lågare karaktersnitt. Om mogleg ønskjer fylkestinget at ei slik utgreiing lagast med bruk av simulerte opptak, og at utgreiinga kan handsamast hausten 2020.

5. Fylkestinget legg til grunn at denne inntaksforskriften ikkje får konsekvensar for toppidrettstilbodet i Vestland. Fylkestinget kjem attende til organisering av toppidrettstilbodet og inntaket til dette etter at sak om opplæringstilbod 2021-2022 er handsama.»

John Andre Kongsvik, H, sette på vegner av H og FrP fram slikt forslag:

«Fritt skolevalg:

Felles fremlegg fra Høgre og FrP

1. Høre ønsker et fritt skolevalg i Vestland.

2. Inntaksmodellen i Vestland skal være basert på elevenes karakterer og ikke tillegge poeng på postnummer eller kommunen man bor i.

3. De gamle fylkesgrensene skal ikke lenger gjelde ved inntaksmodellen.»

John Andre Kongsvik, H, sette på vegner av H, FrP, A, MDG, SP og KrF fram slikt forslag:

«Reisetidsgaranti

Nytt punkt:

Ingen elevar skal reise unødige langt, og difor meiner vi det skal utredast ein reisetidsgaranti i Vestland.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk inga røyster og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 11 røyster (A, FNB, MDG, SP, SV, R og KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Kongsvik sitt forslag (Fritt skolevalg) fekk 4 røyster (H og FrP) og fall.

Kongsvik sitt forslag (Reisetidsgaranti) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtar framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020

2. Fylkestinget vedtar nærskulematrise for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020, med følgjande endringar:

Elever frå Gulen får i tillegg nærskulepoeng til Knarvik vgs

Elevar fra heile Alver får nærskulepoeng til Bergen

Elevar frå Vik får i tillegg nærskulepoeng til Voss

Elevar frå tidlegare Balestrand kommune får i tillegg nærskulepoeng til Høyanger.

3. Nærskulematrisen evalueres kontinuerlig, og utilsikta, negative konsekvenser skal rettast så fort som mogleg gjennom politisk vedtak.

4. Fylkestinget ønskjer ei særleg evaluering av inntaksregion stor-Bergen. Evalueringa må gje ei grundig vurdering av konsekvensane av den nye modellen, særleg for elevar busett i Bergen med lågare karaktersnitt. Om mogleg ønskjer fylkestinget at ei slik utgreiing lagast med bruk av simulerte opptak, og at utgreiinga kan handsamast hausten 2020.

5. Fylkestinget legg til grunn at denne inntaksforskriften ikkje får konsekvensar for toppidrettstilbodet i Vestland. Fylkestinget kjem attende til organisering av toppidrettstilbodet og inntaket til dette etter at sak om opplæringstilbod 2021-2022 er handsama.

6. Reisetidsgaranti

Ingen elevar skal reise unødige langt, og difor meiner vi det skal utredast ein reisetidsgaranti i Vestland.

PS 39/20 Organisering av fagskulane

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek framlegg til mandat for prosjektstyret for Fagskulen i Vestland

2. Prosjektstyret skal bestå av 9 medlemar :
 - 4 folkevalde eigarrepresentantar
 - 2 arbeidslivsrepresentantar
 - 1 administrativ eigarrepresentant
 - 1 studentrepresentant
 - 1 tilsettrepresentant

3. Fylkestinget gjer val av medlemar og varamedlemar som eigarrepresentantar etter innstilling frå valnemnda.

4. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

5. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt å oppnemne 2 medlemar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

6. Fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda.

7. Fylkestinget vedtek framlegg til vedtekter for prosjektstyre for Fagskulen i Vestland.

Saksprotokoll 10.09.2020 - Yrkesopplæringsnemnda

Eivind Johannessen, UNIO, sette fram slikt forslag:

«Endring::

UNIO ynskjer at det vert satt av plass til to representantar for dei tilsette og to representantar for studentane i prosjektstyret.

Ei utviding med desse to mandata krev ikkje ei ytterlegere utviding sidan dette er eit prosjektstyre. Viss det er trong for meir grunngjeving før møtet, gjer vel å ta kontakt om dette.

Avrøysting

Det var 10 representantar til stades.

Johannessen sitt forslag fekk 2 røyster (UNIO, KS) og fall mot innstillinga som fekk 8 røyster (LO, NHO, Virke, YS, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring) og vart vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek framlegg til mandat for prosjektstyret for Fagskulen i Vestland

2. Prosjektstyret skal bestå av 9 medlemar :
 - 4 folkevalde eigarrepresentantar
 - 2 arbeidslivsrepresentantar
 - 1 administrativ eigarrepresentant

- 1 studentrepresentant
 - 1 tilsettrepresentant
3. Fylkestinget gjer val av medleamar og varamedleamar som eigarrepresentantar etter innstilling frå valnemnda.
4. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.
5. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt å oppnemne 2 medleamar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.
6. Fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda.
7. Fylkestinget vedtek framlegg til vedtekter for prosjektstyre for Fagskulen i Vestland.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Emil Gadolin, A, sette fram slikt forslag:

«1.Fylkestinget vedtek dette mandatet til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland:

Prosjektstyret skal etablere ein samla fagskule for Vestland fylke som bygger på noverande Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland. Den nye fagskulen skal fullt ut vera i samsvar med «Lov om høgare yrkesfaglig utdanning» / fagskulelova, av 08.06.2018, og skal syte for at fylkeskommunen skal kunne tilby akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for høgare yrkesfagleg kompetanse i Vestland.

Prosjektstyret skal i prosjektperioden handsame saker som vedkjem den nye eininga m.a.: Tilsette prosjektrector, tilsette rektor, utforme tilbodsstrukturen for 2022 / 2023, fastsette forskrift om opptak og rangering, eksamen, disiplinære sanksjonar, klagehandsaming og skikkavurdering, og fatte vedtak om eventuelle vesentlege endringar i studieplanar som skal godkjennast av NOKUT. Nye lokale forskrifter må vere sendt på open høyring og vedteke av prosjektstyret før samanslåinga trer i kraft. Forskriftene skal offentleggjerast i Norsk Lovtidend. Prosjektstyret skal vedta eit kvalitetssystem for den nye fagskulen som skal bidra til å undersøkje og sikre kvaliteten ved utdanningane ved fagskulen.

Prosjektstyret skal i samarbeid med prosjektrector fastslå dei overordna prinsippa for organisasjonsstrukturen i den nye fagskulen. Prosjektstyret skal også legge til rette for å utvikle ein felles organisasjonskultur, og eit felles verdigrunnlag for Fagskulen i Vestland.

Følgjande grunnprinsipp vert lagt til grunn:

- Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- Fagskuleutdanninga skal bidra til regional kompetanseutvikling og vekstkräftige lokalsamfunn i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv

Den nye fagskulen skal vere operativ frå 01.01.2022. Prosjektstyret skal seinast avslutte sitt arbeid 31.12.2021, eller når nytt styre for den nye fagskulen er oppnemnd.

2. Prosjektstyret skal bestå av 9 medlemar : 4 folkevalde eigarrepresentantar 2 arbeidslivsrepresentantar 1 administrativ eigarrepresentant 1 studentrepresentant 1 tilsettrepresentant.

3. Det skal veljast varamedlem for tilsettrepresentanten og studentrepresentanten. Varamedlemmer tiltrer alle prosjektstyremøter. Der fast tilsettrepresentant eller studentrepresentant til dømes er tilsett eller student ved Fagskulen i Sogn og Fjordane, skal varamedlem være frå Fagskolen i Hordaland, eller omvendt.

4. Fylkestinget gjer val av medlemar og varamedlemar som eigarrepresentantar etter innstilling frå valnemnda.

5. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

6. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt å oppnemne 2 medlemar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

7. Fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda.

8. Fylkestinget vedtek framlegg til vedtekter for prosjektstyre for Fagskulen i Vestland (slik det går fram av saksutgreiinga, må oppdaterast med endringar som vert gjort i mandatet)

9. Fylkestinget føreset at det vert tilført tilstrekkeleg økonomi, administrative ressursar og støttefunksjonar frå fylkeskommunen til gjennomføring av samanslåinga.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk inga røyster og fall.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek dette mandatet til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland:

Prosjektstyret skal etablere ein samla fagskule for Vestland fylke som bygger på noverande Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland. Den nye fagskulen skal fullt ut vera i samsvar med «Lov om høgare yrkesfaglig utdanning» / fagskulelova, av 08.06.2018, og skal syte for at fylkeskommunen skal kunne tilby akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for høgare yrkesfagleg kompetanse i Vestland.

Prosjektstyret skal i prosjektperioden handsame saker som vedkjem den nye eininga m.a.: Tilsette prosjektrector, tilsette rektor, utforme tilbudsstrukturen for 2022 / 2023, fastsette forskrift om opptak og rangering, eksamen, disiplinære sanksjonar, klagehandsaming og skikkavurdering, og fatte vedtak om eventuelle vesentlege endringar i studieplanar som skal godkjennast av NOKUT. Nye lokale forskrifter må vere sendt på open høyring og vedteke av prosjektstyret før samanslåinga trer i kraft. Forskriftene skal offentleggjerast i Norsk Lovtidend. Prosjektstyret skal vedta eit kvalitetssystem for den nye fagskulen som skal bidra til å undersøkje og sikre kvaliteten ved utdanningane ved fagskulen.

Prosjektstyret skal i samarbeid med prosjektrector fastslå dei overordna prinsippa for organisasjonsstrukturen i den nye fagskulen. Prosjektstyret skal også legge til rette for å utvikle ein felles organisasjonskultur, og eit felles verdigrunnlag for Fagskulen i Vestland.

Følgjande grunnprinsipp vert lagt til grunn:

- Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- Fagskuleutdanninga skal bidra til regional kompetanseutvikling og vekstkraftige lokalsamfunn i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv

Den nye fagskulen skal vere operativ frå 01.01.2022. Prosjektstyret skal seinast avslutte sitt arbeid 31.12.2021, eller når nytt styre for den nye fagskulen er oppnemnd.

2. Prosjektstyret skal bestå av 9 medlemar : □ 4 folkevalde eigarrepresentantar □ 2 arbeidslivsrepresentantar □ 1 administrativ eigarrepresentant □ 1 studentrepresentant □ 1 tilsettrepresentant.

3. Det skal veljast varamedlem for tilsettrepresentanten og studentrepresentanten. Varamedlemmer tiltrer alle prosjektstyremøter. Der fast tilsettrepresentant eller studentrepresentant til dømes er tilsett eller student ved Fagskulen i Sogn og Fjordane, skal varamedlem vere frå Fagskolen i Hordaland, eller omvendt.

4. Fylkestinget gjer val av medlemar og varamedlemar som eigarrepresentantar etter innstilling frå valnemnda.

5. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

6. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt å oppnemne 2 medlemar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

7. Fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda.

8. Fylkestinget vedtek framlegg til vedtekter for prosjektstyre for Fagskulen i Vestland (slik det går fram av saksutgreiinga, må oppdaterast med endringar som vert gjort i mandatet)

9. Fylkestinget føreset at det vert tilført tilstrekkeleg økonomi, administrative ressursar og støttefunksjonar frå fylkeskommunen til gjennomføring av samanslåinga.

PS 40/20 Rutine for utlån av skulebygg og idrettsanlegg til frivillige lag og organisasjonar

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner Rutine for utlån av skulebygg og idrettsanlegg i Vestland fylkeskommune.
2. Årlege meirkostnader knytt til slikt utlån er estimert til 7,6 mill. kr. Fylkesrådmannen legg til grunn at dei vidaregåande skulane får kompensert denne meirkostnaden gjennom auka budsjettramme.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Emil Gadolin, A, sette fram slikt forslag:

«Hovedutval for opplæring og kompetanse tar saksutredningen og forslag til rutine til orientering. Endelig vedtak om rutine og årlige merkostnader som følge av denne, skal fattes i forbindelse med fylkesbudsjettet for 2021.»

Avrøysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk inga røyster og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Hovedutval for opplæring og kompetanse tar saksutredningen og forslag til rutine til orientering. Endelig vedtak om rutine og årlige merkostnader som følge av denne, skal fattes i forbindelse med fylkesbudsjettet for 2021.

PS 41/20 Askøy vgs - nybygg/rehabilitering

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggjestart for Askøy vgs med ei samla kostnadsramme på 707 mill. kroner
2. Vestland fylkeskommune godkjenner avtale med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som fylgjer av områdeplanen på 30 mill. kroner. Godkjenning av avtalen føreset tilsvarande vedtak i Askøy kommune.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggjestart for Askøy vgs med ei samla kostnadsramme på 707 mill. kroner
2. Vestland fylkeskommune godkjenner avtale med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som fylgjer av områdeplanen på 30 mill. kroner. Godkjenning av avtalen føreset tilsvarande vedtak i Askøy kommune.

PS 42/20 Høyringsuttale - forskrift lov om integrering

Forslag til innstilling

1.	Oppgåver knytt til tilskotsordningar Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretekne gjennom tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølv sagt at midlane vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene
2.	Kompetansekartlegging

	Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høyringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskrifle fleire kompetansekriterier.
3.	Permisjon ved fødsel og adopsjon Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet
4.	Norskmål for deltakarar som går i grunnskule Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk vert erstatta med tidlegare krav om deltaking i eit visst tal timar opplæring i norsk. Norskmålet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakaren
5.	Kompetansekraft for lærarar Vestland fylkeskommune støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetjing etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktsmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivareteken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.
6.	Registrering av opplysningar om karriererettleing og fråvær Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Registreringa bør gjerast i dei systema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»
7.	Opplysningar om ta gjennomførte timar opplæring i norsk Vestland fylkeskommune viser til punktet «norskmål for deltakarar som går i grunnskule» over. Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomføre timar i norsk.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, Sv og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 4

Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk erstattar tidlegare krav om deltaking i et visst tal timar opplæring i norsk. Norskmålet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei

differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakarane.»

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

Punkt 8

- Fylkeskommunen ber departementet ytterligere klargjøre praksis for tilrettelegging av norskprøven.

- Fylkeskommunen ber også departementet kartlegge den reelle kompetansen som finnes i skjæringspunktet mellom spesialpedagogikk og andrespråk i fylkeskommunene og fagmiljøet forøvrig, og ber departementet vurdere å sette i gang tiltak for å styrke eller utvikle slik fagkompetanse.»

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag (b):

«Tillegg:

Informasjon på nett må ligge på både nynorsk og bokmål. I nynorsk kommuner skal man etterstrebe at språkopplæring skal skje på nynorsk om elevar vel dette.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt forslag (a) fekk 10 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt forslag (b) fekk 11 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, R, FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 og 5-7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Oppgåver knytt til tilskotsordningar

Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretekne gjennom tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølvstøtt at midlane vert liggande i rammetilskotet til

fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene

2. Kompetansekartlegging

Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høyringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskriftfeste fleire kompetansekriterier.

3. Permisjon ved fødsel og adopsjon

Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet

4. Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk erstattar tidlegare krav om deltaking i et visst tal timar opplæring i norsk. Norskmålet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakarane

5. Kompetansekrav for lærarar

Vestland fylkeskommune støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetting etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktsmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivareteken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.

6. Registrering av opplysningar om karriererettleiing og fråvær

Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Registreringa bør gjerast i dei systema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»

7. Opplysningar om ta gjennomførte timar opplæring i norsk

Vestland fylkeskommune viser til punktet «norskmål for deltakarar som går i grunnskule» over. Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomføre timar i norsk.

8. - Fylkeskommunen ber departementet ytterligere klargjøre praksis for tilrettelegging av norskprøven.

- Fylkeskommunen ber også departementet kartlegge den reelle kompetansen som finnes i skjæringspunktet mellom spesialpedagogikk og andrespråk i fylkeskommunene og fagmiljøet forøvrig, og ber departementet vurdere å sette i gang tiltak for å styrke eller utvikle slik fagkompetanse

9. Informasjon på nett må ligge på både nynorsk og bokmål. I nynorsk kommuner skal man etterstrebe at språkopplæring skal skje på nynorsk om elevar vel dette.»

PS 43/20 Administrativt innsparingsprogram

Forslag til innstilling

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll 09.09.2020 - administrasjonsutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til finansutvalet

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Jeanette Onarheim Syversen (R) sette fram slik forslag:

«Alternativ:

Administrativt innsparingsprogram tas til vitande.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til finansutvalet mot 2 røyster (R, FNB).

Syversen sitt forslag fekk 2 røyster (R, FNB) og fall.

Innstilling til finansutvalet

Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

PS 44/20 E-sport i Vestland fylke - svar på verbalpunkt i Fylkestinget desember 2019.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget stiller seg bak innhaldet i saka og den vidare oppfølginga som vert skissert i oppsummeringa under kvart punkt.
2. Fylkestinget får sak med evaluering og rapport lagt fram hausten 2021.

Saksprotokoll ihovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget stiller seg bak innhaldet i saka og den vidare oppfølginga som vert skissert i oppsummeringa under kvart punkt.
2. Fylkestinget får sak med evaluering og rapport lagt fram hausten 2021.

PS 45/20 Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*.
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SV, SP og Krf fram slikt tilleggsforslag:

«Fylkeskommunen får aukt kompetanse gjennom samarbeid med aktørar som jobber for berekraftig utvikling også utanfor Europa. Derfor skal fylkeskommunen utrede moglegheita for internasjonalt samarbeid gjennom NOREC, og søke om midlar til prosjekt som er relevante for fylkeskommunen.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*.
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.
5. Fylkeskommunen får aukt kompetanse gjennom samarbeid med aktørar som jobber for berekraftig utvikling også utanfor Europa. Derfor skal fylkeskommunen utrede moglegheita for internasjonalt samarbeid gjennom NOREC, og søke om midlar til prosjekt som er relevante for fylkeskommunen.

PS 46/20 Fråsegn: Etterspurnad om tiltak som kan auke smittevernet

Saksprotokoll i Hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Saka vart lagt fram utan saksframlegg.

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Fråsegn om tiltak til auka smittevern i Bergen:

Fråsegn: Etterspurnad om tiltak som kan auke smittevernet.

Fylkesordfører Jon Askeland har tidlegare vore ute i media og etterlyst preventive tiltak for auka smittevern i form av [nasjonalt påbod for bruk av munnbind i kollektivtrafikken](#). [Regjeringa får kritikk 03.09.20](#) i VG frå professor emeritus ved senter for internasjonal helse ved UiB, Gunnar Kvåle, for ikkje å tilrå munnbind i Bergen.

Alt 14.8.20 sendte Raudt følgjande skriftleg spørsmål til fylkesordfører og direktør for samferdsel:

Spørsmål til Fylkesordfører og direktør for utval for Samferdsle og mobilitet:
Vil Vestland fylkeskommune sørge for gratis munnbind til reisande som er avhengige av å bruke kollektivtransport? Kan det eventuelt være aktuelt å gå i dialog med Bergen og omlandskommunane med tanke på ei felles løysing der Skyss deler ut munnbind til reisande som nyttar kollektivtrafikk?

Svaret vi fekk, var at ein ikkje ville innføre tiltak som gjekk lengre enn regjeringa sine tilrådingar.

I tida etter dette, og ved oppstart av nytt semester i vidaregåande skule og ved universitetet, har vi sett at talet på smittetilfelle har eksplodert. Ved Fyllingsdalen vidaregåande skule har vi eit tilfelle påvist hos elev, medan på Olsvik er det ein lærar som er smitta. Elevar etterlyser betre rutinar og smittevern i [Bergensavisen 02.09.20](#).

Skyss skal ha ros for at dei har utvida talet på avgangar i rushtida ved [Haukeland sjukehus](#), der busser har vore uforsvarleg fulle. Situasjonen no tilseier likevel at det i visse tider og på andre stader diverre er fare for at bane/buss blir for full, og fleire tiltak må vurderast raskt.

Lokale tiltak naudsynt.

Raudt er uroa for at ein frå Oslo ikkje ser alvoret i situasjonen i Bergen. Dei tiltaka som har vore innført lokalt har i Bergen gått lengre enn nasjonale tilrådingar, og dette har både vore naudsynt og fungert preventivt. No må Vestland fylkeskommune på bana for å sikre elevar og lærarar si helse. Vi kan ikkje vente på eit nasjonalt påbod eller tilrådingar, derfor vil Raudt fremje denne fråsegna for utvalet for opplæring og kompetanse.

Den andre bølga av koronapandemien er over oss. Ekspertar på smittevern har lenge snakka om behovet for å bruke munnbind for å redusere smittefaren, i kombinasjon med ein-metersregelen og hyppig vask av hender og overflater. Dette er særleg aktuelt når fleire menneske oppheldt seg innandørs samstundes, som arbeidstakarar og elevar/studentar som reiser med buss og bane.

Tilsette i kommunane og fylkeskommunen, anten dei arbeider med reinhald, i barnehage og skule, med pleie, helse og omsorg, har allereie lagt inn en formidabel innsats under koronapandemien. Ettersom prisen på munnbind er marknadsstyrt, og etterspurnaden på munnbind har skote i været, har og prisene auka kraftig. Dette gjer at graden av personleg smittevern og kan slå usosialt ut.

Vedtak:

- Utval for opplæring og kompetanse vil med omsyn til elevar og lærarar si helse, oppmode fylkesordfører og fylkesutvalet om å finne ei løysing på korleis ein kan styrke smittevernet i den vidaregåande skulen. Ein må vurdere å sette inn smittevern-vaktar ut frå modellen som Universitetet i Bergen har innført.

- Fylkesdirektør og fylkesordfører må sjå på korleis ein kan tilby kollektivreisande elevar, lærarar og tilsette i tilknytning til opplæringsstader i Bergen, gratis tilgang til munnbind. Vestland fylkeskommune må statuere eit godt døme som arbeidsgjevar og offentleg institusjon, slik at ein og kan oppfordre andre arbeidsgjevarar om å tilby sine tilsette munnbind. Arbeidsgjevarar har fått 4% kutt i arbeidsgjevaravgift, som korona-tiltak, og er ein viktig bidragsytar i dugnaden om å ivareta helsa til sine tilsette (befolkninga) og samstundes oppretthalde samfunnsaktiviteten.»

Emil Gadolin, A, sette fram slik protokollmerknad:

«Hovedutval for opplæring og kompetanse anser forslaget til å ligge utenfor utvalgets ansvarsområde.»

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk ei røyst (R) og fall.

Vedtak

Fråsegn om tiltak til auka smittevern i Bergen vart ikkje vedteken.

Protokollmerknad frå A

Hovedutval for opplæring og kompetanse anser forslaget til å ligge utenfor utvalgets ansvarsområde.

Referatsaker

RS 29/20 Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar

Saksnr: 2019/146-5
Saksbehandlar Kenth Rune Teigen Måren
Dato: 24.09.2020

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Status oktober 20 - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar

Vedlagt er grunnlagsdokument for styringsgruppemøtet 14. september.

Vedlegg

1 Arbeidsdokument 2 - mål og strategiar

Arbeidsdokument 2 - mål og strategiar

Arbeidsdokument 2 inneheld dei planlagde arbeidsdokumenta 2-4; kjenneteikn på kvalitet i opplæringa. Kjenneteikna tek utgangspunkt i dei tre områda i mandatet.

Dokumentet har denne inndelinga:

Del 1: Prosessen

Del 2: Omgrepsavklaring

Del 3: Kjenneteikn på kvalitet

Del 1: Prosessen

Den nasjonale dugnaden i samband med pandemien har gjort det nødvendig å legge om den planlagde framdrifta i arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland. I denne perioden har arbeidsutvalet freista å sikre involvering gjennom tre notat til styringsgruppa (vedlegg 1, 2 og 3), to møte med referansegruppa og to samlingar for leiarar der refleksjon omkring temaa *involvering* og *likeverdig opplæring* var sentralt. Arbeidsdokument 2 slutfører arbeidet med steg 1 og gjer framlegg om kjenneteikn på kvalitet i opplæringa til styringsgruppa. Dokumentet inneheld dei planlagde arbeidsdokumenta 2-4 og følger den justerte framdriftsplanen skissert i vedlagte notat 1




Fig.1

Del 2: Omgrepsavklaring

2.1 Likeverdig opplæringstilbod

Arbeidsutvalet meiner det er viktig at sektoren etablerer ei felles forståing for kva som ligg i omgrepet likeverdig opplæringstilbod. Dette for å gjere naudsynte avgrensingar for å kunne setje ei tydeleg retning for den vidaregåande opplæringa i Vestland fylkeskommune. Retninga skal innehalde «...system og metodar for å stimulere til utvikling, forbetring og vurdering av kvaliteten på opplæringa (jf mandat)» .

I Noreg har einskapsskulen i lange tider vore godt forankra, og norsk skulehistorie viser at det i liten grad har vore reist spørsmål til om det felles skuleløpet er det beste for alle elevar. Ideen om einskapsskulen er fundamentert på eit krav om likeverdig opplæring for alle. I skulesystemet skal alle inkluderast, sosialt og fagleg, og få eit tilpassa opplæringstilbod som tek vare på den einskilde sine evner, føresetnader og behov. Kravet om tilpassa opplæring for alle vart i 1998 løfta opp i føremålsparagrafen.

I mandatet står det at «...mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland skal fremje god kvalitet, syne ei utvikling og gi ungdom og vaksne både i sentrumsområda og distrikta eit likeverdig opplæringstilbod (jf mandat)».

Innhaldspendelen i omgrepet **likeverd** har svinga mellom å vektlegge at menneske skal handsamsmast ulikt for å oppnå likt resultat, eller likt for å oppnå ulikt resultat (fig.2).






fig.2

Vestland fylkeskommune har ansvar for eit mangfald av elevar og lærlingar med eit stort spenn i føresetnadar, behov, interesser og mål for utdanning og yrke. Eit likeverdig opplæringstilbod skal gje kunnskap, dugleik og haldningar, slik at elevar og lærlingar meistrar liva sine og kan delta i arbeid og fellesskap i samfunnet (Opplæringslova §1.1(føremålsparagrafen)). Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma skal gje elevane eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning. Gjennom sju ledd skildrar føremålsparagrafen opplæringa sitt breie danning- og kvalifiseringsoppdrag og krev at kvar elev og lærling møter eit inkluderande læringsmiljø der:

- det er plass for mangfaldet
- alle blir møtt med tillit, respekt og krav
- opplæringa fremjar trivsel, lærelyst og meistring

I vidaregåande opplæring er skule og lærebedrift likeverdige læringsarenaer som skal bygge på det same verdigrunnlaget og dei same prinsippa. Verdigrunnlaget og prinsippa er utdjupa i overordna del av læreplanverket. Dei ulike delane av læreplanverket set retning for opplæringa og skal realiserast i alle fag.

Alle som jobbar med opplæring har ansvar for at rettane blir oppfylte, og pliktar til ei kvar tid å utøve opplæringa sitt breie danning- og kvalifiseringsoppdrag.

NOU *Rett til læring* (2009) seier at likeverd handlar om ein rett til å vere forskjellige og at ikkje alle skal handsamast likt, men ha like moglegheiter og ein rett til støtte utifrå eigne føresetnadar og behov (NOU 2009:18). NOU *Mer å hente* (2016) presiserer at:

Kunnskap om elevenes behov, deres måte å lære på og kompetanse i å tilpasse opplæringen kan gi et bedre skoletilbud for alle elever. Dette innebærer at den inkluderende fellesskolen som skal sikre sosial tilhørighet for elevene, må tåle at forskjellsbehandling kan være likeverd (...) (NOU (2016:14, s.9).

Vidare står det:

Bestemmelsen om tilpasset opplæring er et av de sentrale prinsippene som gjelder for fellesskolen, og det gjelder for alle elever. Andre gjennomgående prinsipper for opplæringen som må ses i sammenheng med tilpasset opplæring, er inkludering og likeverdsprinsippet. Prinsippet om tilpasset opplæring favner både ordinær opplæring og spesialundervisning. Tilpasset opplæring er ikke et mål i seg selv, men et virkemiddel for at elevene skal oppleve økt læringsutbytte (NOU (2016:14, s.23).

NOU: 2019: 25 «Med rett til å mestre» seier:

Et ansvar for gjennomføring vil måtte innebære at vidaregåande opplæring er i stand til å møte utdanningssøkende med ulike forutsetningar og gi dem et tilbud som er tilpasset den enkelte, og som gjør dem kvalifisert til å fortsette og etter hvert fullføre med studie- eller yrkeskompetanse (NOU 2019: 25, s.25).

For at sektoren skal etablerer ei felles forståing for kva som ligg i omgrepet likeverdig opplæringstilbod, meiner arbeidsutvalet det er naudsynt å sjå omgrepet frå fleire hald. Utdanningsdirektoratet har denne forståinga:

Likeverdig opplæring må derfor forstås både på systemplanet i et nasjonalt perspektiv med utgangs- punkt i lov og forskrifter med læreplaner, og på individplanet for en opplæring tilpasset den enkeltes evner og forutsetningar (Utdanningsdirektoratet (2007). Likeverdig opplæring - et bidrag til å forstå sentrale begreper).

Attendemeldingar frå referansegruppa og rektorkollegiet, litteratur og forskning støttar ei slik tilnærming.

2.1.1 Likeverdig opplæring - individplanet

Det er i daglege møte mellom elev og lærar, lærling og instruktør at opplæringa sitt breie føremål blir realisert. Lærar og instruktør vil i konkrete opplæringssituasjonar oppleve spenningar mellom ulike føremål og verdiar. Dei må heile tida gjere krevjande vurderingar mellom omsynet til den einkilde elev/lærling og omsynet til fellesskapet, mellom å støtte og stille krav og mellom opplæringa her og nå og arbeidet med å førebu for framtida. Kompliserte pedagogiske spørsmål har sjeldan sikre svar, og tilsette i skulen og lærebedrifta må difor ha aksept og rom for å bruke vurderingsevna si i utøving av yrket.

Brei forskning, både nasjonalt og internasjonalt, peikar på at vesentleg for elevane og lærlingane si deltaking, lærelyst og resultat er gode mellommenneskelege relasjonar. Særs viktig er relasjonen mellom elev - lærar og lærling - instruktør (Nordahl 2000, Townsend 2007, Hattie 2009, Hovdenak 2010).

Alle elever og lærlingar er ulike, og kva som er eleven/lærlingen sitt beste, er eit kjernespørsmål i likeverdig opplæring som må svarast på kvar dag av alle som jobbar med opplæring.

2.1.2 Likeverdig opplæring - systemplanet

Systemplanet kan handle om prosedyrar, ansvarsforhold, arbeidsdeling i sektoren og i kvar einskild eining. Det handlar om rettigheter, økonomi og organisering i brei forstand, og det handlar om rettigheter, økonomi og organisering lokalt. Dette føreset at alle som jobbar med elevar og lærlingar, må ta i bruk sitt profesjonelle skjønn i tolkinga av reglar og rettigheter som har til føremål å regulere korleis praksisen og opplæringa skal vere. Spenningsforholdet mellom systemiske krav og omsynet til individuelle behov er ein krevjande balansegang for alle som jobbar med opplæring.

Det har ikkje vore gjort djuptgripande endringar i vidaregåande opplæring sidan Reform 94, og elevane i dag møter, i all hovudsak, det same tilbodet og organiseringa i opplæringa som for 26 år sidan. Fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring, og prinsippa for trepartssamarbeidet i fagopplæringa, nasjonale myndigheiter, skuleeigar og arbeidsliv, har også stort sett vore dei same sidan Reform 94.

I kjølevatnet av Kunnskapsløftet 06 er det sett ned ei rekke offentlege utval og ekspertgrupper som har utgreidd ulike problemstillingar og utfordringar innanfor det norske utdanningssystemet. Nedanfor peikar arbeidsutvalet på dei mest sentrale dokumenta for vidaregåande opplæring i notid.

- Stortinget vedtok i 2016 *Fag - Fordypning - Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet* (Meld.St.28). Fagfornyinga legg opp til å fornye innhaldet i delar av læreplanverket for grunnopplæringa. Målsetjinga er å gi tydelegare retning for arbeidet i skule og lærebedrift. Samanhengen mellom verdiar, prinsipp og fagfornyning skal bli tydelegere (Kunnskapsdepartement, 2017). Fagfornyinga vert stegvis innført:

Vg1: 2020

Vg2: 2021

Vg3:2022

Ny overordna del trer i kraft på alle nivå frå 2020

- Kunnskapsdepartementet sende NOU 2019:25 «Med rett til å mestre» - om struktur og innhald i vidaregåande opplæring og NOU 2019: 23 - «ny opplæringslov» ut på høyring våren 2020. Begge NOUane gjer framlegg om ei rekke systemiske endringar og tiltak for å møte opplæringa sitt breie dannels- og kvalifiseringsoppdrag. Departementet har varsla at det på bakgrunn av NOU 2019:25 «Med rett til å mestre» vil kome ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring. På bakgrunn av NOU 2019: 23 - «ny opplæringslov» vil regjeringa legge fram ein lovproposisjon våren 2021 og eit lovforslag om ny opplæringslov for Stortinget våren 2022.

Både individ- og systemplanet si målsetjing må vere ei opplæring som gir ungdom og vaksne like moglegheiter til opplæring, uavhengig av evne og føresetnadar, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhøyrslø, buplass, familien si utdanning eller heimen sin økonomi.

Å foreine individ- og systemplanet er naudsynt for å møte krava i føremålsparagrafen og gje elevar og lærlingar ei likeverdig opplæring av høg kvalitet.

2.2. Kvalitet i opplæring

Omgrepet kvalitet vert definert på fleire ulike måtar både i forskning og i ulike politiske dokument. Omgrepet har si rot i *qualitas* (lat.) som tyder eigenskap eller verdi og *qualis* (lat.) som tyder korleis (Roald, 2012, s. 53). Omgrepet kvalitet må i vår samanheng definerast ut frå føremålsparagrafen, overordna del og mål for opplæringa i vid tyding (St. meld. Nr 31, 2007-2008, Kvalitet i skolen).



Kunnskapsløftet (06) var både ein innhaldsreform og ein styringsreform og skuleeigar sitt ansvar vart tydeleggjort i denne reforma. Kunnskapsløftet baserte seg på fem prinsipp:

- klåre nasjonale mål
- kunnskap om elevane sine læringsresultat i vid forstand
- tydeleg ansvars plassering
- stor lokal handlefridom
- eit solid støtte- og rettleiingssapparat (Meld. St. 28, 2016)

Fagfornyninga med nytt læreplanverk og nye lokale og sentrale føringar, gjer at opplæringa står i ein endringsprosess. Skuleutvikling og kvalitetsarbeid er relevante omgrep som nyttast for å tileigne seg kompetanse i møte med nye krav og utfordringar.

Læreplanverket tydeleggjer verdiar og prinsipp som vidaregåande opplæring skal styre etter (Overordna del, 2017). Prinsippet om lokalt ansvar føreset gode system og struktur, og ein profesjon som målber det å finne løysingar, og vidareutvikle metodar tilpassa eleven og lærlingen.

Styringsgruppa har bestemt at kvalitetsindikatorane, prosess-, struktur- og resultat kvalitet skal vere reiskap for å halde fast ved kvaliteten og utviklinga av den vidaregåande opplæringa i Vestland. Strukturkvalitet kan påverke både resultat og prosess, og prosess påverkar resultat. Ut frå m.a. Birkemo si forskning (Roald, 2012) er det funn som tilseier at prosessforhold som gode relasjonar, læringsmåtar og motivasjon er avgjerande for kvaliteten i opplæringa.

Kjernen i oppdraget og kjernen i kvalitet i opplæring er **læring og utvikling for den enkelte elev og lærling**. Temaplanen, mål og strategiar, er skuleeigar sitt styringsdokument i kvalitetssystemet for vidaregåande opplæring i Vestland. Planen set tydeleg retning for kjerneoppdraget, og kvalitetssystemet skal ha kjerneoppdraget som det sentrale element i både kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering. Dialog og gode prosessar skapar ny kunnskap, nye handlingar og utvidar forståinga som er byggjesteinar for å utøve kjerneoppdraget (Overordna del, 2017).

Innhaldet i opplæring må tilpassast den enkelte for at kvaliteten skal vere den same for alle, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn og individuelle føresetnader. Retten til opplæring er ikkje berre ein rett til eit opplæringstilbod, men og til eit innhald som kvalifiserer elevane og lærlingane til ei deltaking i samfunnet, arbeidslivet og i høgare utdanning.

Eit føreseieleg tilbod, med gode rammer, gir skulane det beste utgangspunktet for å utvikle struktur- og prosesskvalitet for å ha høg resultat kvalitet (jf. arb.dokument 1).

For å gje elevar og lærlingar eit likeverdig opplæringstilbod som utviklar kunnskap, dugleik og haldningar, slik at dei meistarar liva sine og kan delta i både arbeid, fellesskapet og samfunnet, tilrår arbeidsutvalet at følgjande forståing skal ligge til grunn for kvalitet i opplæring

Likeverdig opplæring i Vestland fylkeskommune skal forståast som

- like mogelegheiter uavhengig av evner, føresetnadar, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhørsle, bustad, familien si utdanning og heimen sin økonomi

Kvalitet i opplæring i Vestland fylkeskommune skal ha kjerneoppdraget som det sentrale element. Det krev:

- ei opplæring som er tilpassa den enkelte uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn og individuelle føresetnader
- eit breitt og føreseieleg opplæringstilbod

Del 3: Kjenneteikn på kvalitet

Søkarar til vidaregåande opplæring kan velje mellom ti yrkesfaglege og fem studieførebuande utdanningsprogram. Det er også etablert lokale modeller. Hovudmodellen for dei yrkesfaglege elevane er to år i skule og to år som lærling i bedrift, medan modellen for studieførebuande er tre år i skule. Elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram kan søke eittårig påbygging til generell studiekompetanse anten etter Vg2, eller etter fullført fag- og yrkeskompetanse. I 2017 vart tidsrommet for ungdomsretten til vidaregåande opplæring utvida slik at den går rett over i rett til vidaregåande opplæring for vaksne.

Mandatet for mål og strategiar for den vidaregåande opplæringa tek utgangspunkt i følgjande tre område for å nå ei heilskapleg opplæring med høg kvalitet:

- Trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap
- Lærelyst og motivasjon
- Læring, meistring og gjennomføring

3.1 Trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap

Kvaliteten på læringsfellesskapet (miljøet) legg premissane og er ein føresetnad for elevane og lærlingane si danning og utdanning. Trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap er grunnmuren for å bygge eit godt læringsmiljø.

Med læringsmiljøet forstås miljømessige faktorer i skolen som:

- vennskap og relasjonar til jevnaldrende
- relasjonar mellom elev og lærer
- lærerens ledelse av klasser og undervisningsforløp
- normer og reglar
- elevsyn og forventningar til læring
- det fysiske miljøet i skolen (Thomas Nordahl, 2015)

Omgrepet psykososial er ei fellesnemning for psykiske og sosiale tilhøve som er vesentlege for helse, vekst, utvikling og sjølvrealisering. Sosiale tilhøve vedkjem oppvekstvilkår; heimen, skulen, fritid osv., medan psykiske tilhøve er eleven og lærlingen

sin måte å handtere desse på kognitivt og emosjonelt. Det psykososiale miljøet er altså eit resultat av samspelet mellom sosiale og individuelle faktorar.

I eit godt psykososialt læringsmiljø er alle velkomne i fellesskapet og kjenner seg likeverdige fagleg, sosialt og kulturelt. Dette stiller krav til skular og lærebedrifter, og til kvar person si evne og vilje til å bygge gode relasjonar med utgangspunkt i menneske sin eigenart og likeverd.

Brei forskning peikar på at eit av dei mest sentrale elementa for læring og trivsel er god relasjon mellom elev-elev, elev-lærer/lærling-instruktør. John Hattie (2012) sin metaanalyse går så langt som å seie at det viktigaste for læring er relasjonen til dei som skal lære. Det tyder at læraren, i tillegg til høg fagleg kompetanse, må ha høg *prosesskvalitet* slik at han skaper gode vilkår for læringsarbeidet. God relasjon legg grunnlaget for ein reel elev- og lærlingmedverknad der kvar enkelt blir sett, høyrte og spurt. Det tyder at eleven og lærlingen er aktive deltakarar som i samspel med kompetente vaksne, får utvikle seg til å bli metakognitive og sjølvregulerte i eige læringsarbeid.

Barry Zimmerman (2000) er ein av dei viktigaste forskarane innafor sjølvregulert læring, og han seier at sjølvregulert læring ikkje skjer med mindre eleven og lærlingen er motivert. Vidare peikar han på at sjølvregulert læring også består av evna til å nytte det ein lærer.

Det er mange ulike forhold som påverkar eleven og lærlingen sin motivasjon for læring, til dømes ytre forhold som ulike former for påskjøning, eller indre forhold som interesse for eit tema. Samtidig er det viktig å peike på støtte og forventningar som viktige motivasjonsfaktorar. Rapporten *Frafall i videregående opplæring* (2015) seier at skal relasjonar vere gode må det vere eit støttande læringsmiljø i tillegg til eit opent og tillitsfullt forhold mellom elevane, lærlingane og dei som har ansvar for dei. Eit støttande læringsmiljø må kombinerast med klåre krav og forventningar, slik at dei lærande veit kva dei har å halde seg til. Dette samsvarer med det professor Edvin Bru (2013) seier er vesentleg for å skape motivasjon og lærelyst.

3.2 Motivasjon og lærelyst

Overordna del (2017) presiserer at opplæringa sitt oppdrag både er danning og utdanning.

Overordnet del tydeliggjør skolens og lærebedriftens ansvar for danning og for utvikling av kompetansen til alle deltakere i grunnopplæringa. Alle som arbeider i grunnopplæringa, må la dette grunnsynet prege planlegginga, gjennomføringa og utviklinga av opplæringa (Overordna del, 2017, s.2)

«Skolen er mye mer enn en produksjonsprosess med faglig kunnskap som mål» (Biesta 2014). Skule og utdanning handlar like mykje om mellommenneskeleg samspel. Dette samspelet har stor tyding når dei lærande skal utvikle seg, og bli ein del av eit sosialt forpliktande samarbeid. Ludvigsen-utvalet si utgreiing *Fremtidens skole* understrekar kor viktig det er at elevane tør utfolde seg, og at dei opplever kulturen og relasjonane til lærarar og medelevar som støttande og tillitsfull (NOU 2015:8).

Skolen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og de skal få utfordringar som fremmer danning og lærelyst. For å lykkes med dette må skolen bygge et godt læringsmiljø og tilpasse undervisninga i samarbeid med elevane og heime (Overordna del, 2017, s.15).


Professor Edvin Bru (2013) har i mange år forska på kva som motiverer og gir lærelyst. Han hevdar at motivasjon og lærelyst er avhengig av korleis elevane og lærlingane svarar på tre spørsmål:

1. Kan eg klare oppgåva?
2. Er oppgåva meningsfulle eller nyttige for meg?
3. Kva forventningar møter eg frå personar som er viktige for meg?

Kvaliteten i læringsfellesskapet og reel medverknad i eiga opplæring er sentrale element for at eleven og lærlingen lærer og utviklar seg. Læring er ein aktiv prosess som vert stimulert i eit samspel mellom alle deltakarar i læringsarenaen, og for at dei lærande skal klare å gjennomføre læringsoppgåvene er det avgjerande med eit støttande læringsmiljø. Notat 3 (vedlagt) til styringsgruppa fremja mellom anna at:

- elevane og lærlingane er produsentar i eige læringsarbeid og i mindre grad konsumentar
- det faglege innhaldet blir opplevd som relevant
- undervisninga er støttande heller enn kontrollerande. Læringsstøtte handlar om læraren si evne til å variere undervisninga for å hjelpe elevane til god forståing av fagstoffet

Dette samsvarar i stor grad med Dumont og Instance (2010) sine sju prinsipp for eit godt læringsmiljø og ei god undervisning, fig. 3.



Der sju prinsippa må sjåast i samanheng, og dei lærande sine føresetnader og behov må også knytast tett til korleis prinsippa blir jobba med (NOU 2014: 7 Elevenes læring i fremtidens skole). Motivasjon og lærelyst står i eit gjensidig forhold til kvarandre, og ein elev og lærling som opplever å bli sett, høyrtd og spurt blir lettare engasjert i eiga læring. Gode læringsmiljø fremjar lærelyst og læringsutbytte (T. Nordahl, 2010).

3.3 Læring, meistring og gjennomføring

Vi har ovanfor peika på kor viktig *trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap* er for å bygge eit støttande læringsmiljø, og kor viktig læringsmiljøet er for *motivasjon og lærelyst*. Kort sagt; eit støttande læringsmiljø som bygger motivasjon og lærelyst er grunnmuren for læring, meistring og gjennomføring.

Læring er ein aktiv prosess som vert stimulert i eit samspel bygd på gode relasjonar prega av tillit og respekt (Hattie, 2012). Gjennom gode læringsprosessar skal elevane og

lærlingane tileigne seg kompetanse som er viktig for å få ein jobb og for å vere langvarig yrkesaktive. Ein føresetnad for å klare det er gode grunnleggande sosiale, emosjonelle og digitale ferdigheiter (NOU 2019:2: Fremtidige kompetansebehov II - utfordringer for kompetansepolitikken).

Arbeidsmarknaden stiller stadig høgare krav til kompetanse, og oppdraget for vidaregåande opplæring er å lære elevane og lærlingane

(...) å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning (Overordna del, 2017, s.11).

Elevar og lærlingar skal få ei relevant opplæring som gjer dei studie- eller yrkesførebudd, og kompetente til å handtere nye utfordringar i samfunn og arbeidsliv. Fullført og bestått vidaregåande opplæring er eit viktig grunnlag for vidare utdanning og innpass i arbeidslivet. Studium viser at å fullføre vidaregåande opplæring er særst viktig for å få tilknytning til arbeidsmarknaden, mestre livet og kunne delta i fellesskapet i samfunnet (Falch m. fl. 2009).

Meistring kan definerast som:

Det å få det til, det å lykkes. Meistring forstås i betydningen den enkeltes evne og ferdigheter til å klare eige liv, livskompetanse. Meistring innebærer å kunne beherske samfunnets utviklingsoppgaver, dvs. ha de nødvendige kunnskaper, ferdigheter og holdninger som kreves på de ulike utviklings- og modningstrinn i livet (Pedagogisk psykologisk ordbok, 1971, s. 159)

Dersom elevar og lærlingar skal få høve til å realisere læringspotensialet sitt, må lærar og instruktør ha tydelege og realistiske forventningar til deira faglege og sosiale utvikling. Leiing av læringsaktivitetar tyder å legge til rette for at alle skal oppleve reell medverknad og meistring. Når elevane og lærlingane blir tilstrekkeleg utfordra og kjenner at dei har dei nødvendige ferdigheitene, er det stort sannsyn for at dei føler seg trygge og glade og opplever å lykkas. Elevar som opplever fleire optimale læringsaugneblinkar i eit fag, vil med større sannsyn sjå faget som viktig for seg sjølv og framtida (Sølvi Lillejord m.fl., 2018, Stress i skolen).

Å vere i ein situasjon ein ikkje meistar, kan redusere motivasjonen og den lærande sitt potensiale læringsutbytte. Læringsarbeidet må opplevast som relevant, nyttig og meningsfylt her og no, men også i eit vidare perspektiv mot framtidig utdanning, yrke eller samfunnsliv. I ein arbeidsmarknad med høg endringstakt er det heilt naudsynt å trene unge og vaksne til «(...) å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger (...)» (Overordna del, 2017, s.11). Lære å lære, evna til omstilling og læring heile livet er sentrale eigenskapar for å møte framtida med positiv samfunnsdeltaking. Kompetanse er nøkkelen til eit berekraftig velferdssamfunn (Meld.St.14, 2020). For å nå denne målsetjinga er det viktig med god karriererettleiing som gjer dei unge og vaksne kjende med kva eigenskapar, interesser og kompetanse dei har og kva moglegheiter som ligg i arbeidslivet, slik at dei tek gode og velinformerte val knytt til utdanning, opplæring og arbeid (Meld.St.5, 2019-2020, Levende lokalsamfunn for framtida). Relevant karriererettleiing skal ikkje berre medverke til at unge og vaksne tek riktige val i utgangspunktet, men også gi dei kompetanse til å gjere gode val om att og om att. Dette blir stadig viktigare i ein arbeidsmarknad der ein allereie i dag går glipp av viktig verdiskaping på grunn av eit kompetansegap (Meld.St.14, 2020).



Skule og lærebedrift er likeverdige læringsarenaer og opplæringa skal gje utgangspunkt for deltaking på alle område innafor utdannings-, arbeids- og samfunnsliv. Arbeidslivet har likevel nokre krav og rammer som er annleis enn for opplæring i skule. Ei god samhandling mellom skule og arbeidsliv aukar moglegheitene for at fleire elevar og lærlingar kan ta aktiv del i eiga opplæring. Det må vere eit mål at elevar som går ut frå Vg2 yrkesfagleg utdanningsprogram, har den kompetansen arbeidslivet etterspør og er tilsetningsklare for læreplass og opplæring i bedrift.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring er ei samfunns- og utdanningspolitisk utfordring, ikkje berre i Noreg, men også internasjonalt. I den norske offisielle statistikken skil ein mellom dei som har fullført og bestått og dei som har gjennomført.




fig.4

[SSB.no/utdanning, 2020](https://www.ssb.no/utdanning,2020)

Markussen (2011) og NOUane NOU 2018: 15 «Kvalifisert, forberedt og motivert» og 2019:25 «Med rett til å mestre» peikar på tilhøve som særleg påverkar fullført og gjennomført vidaregåande opplæring:

- dei unge sine prestasjonsnivå frå grunnskulen (grunnskulepoeng)
- dei unge sitt faglege og sosiale engasjement med skulen
- deira sosiale bakgrunn
- ulike kontekstar opplæringa skjer innanfor

I dokumentet *Vestland - utfordringar for fylket og for regionane* er tilsvarende grunnar trekt fram: (Vestland - utfordringar for fylket og for regionane, 2019)

1. *Elevar som ikkje har tilstrekkelege føresetnader til å møte vidare opplæring - svake grunnleggande ferdigheiter*
2. *Riktig dimensjonering av opplæringstilbodet - yrkesfaglege utdanningsprogram*

Elevar som ikkje har tilstrekkelege føresetnader til å møte vidare opplæring - svake grunnleggande ferdigheiter

Alle som fullfører grunnskulen, har rett til tre år med vidaregåande opplæring. Det er ingen opptakskrav knytt til denne retten og om lag alle som går ut av grunnskulen, fortset direkte over i vidaregåande opplæring.

Elevar som startar i vidaregåande opplæring har ulike føresetnader for å meistre krava dei møter. Forsking viser at det er ein samanheng mellom forkunnskapar og grunnskulepoeng og gjennomføring av vidaregåande opplæring. Allereie frå første skuleår (vg1) møter mange elevar faglege utfordringar som har innverknad på om dei meistar å gjennomføre med studie- eller yrkeskompetanse. I NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre* peikar utvalet på at vidaregåande opplæring ikkje tek godt nok vare på denne elevgruppa.



Riktig dimensjonering av opplæringstilbodet - yrkesfaglege utdanningsprogram

Skule og lærebedrift er likeverdige læringsarenaer og opplæringa skal gje utgangspunkt for deltaking på alle område innafor utdannings-, arbeids- og samfunnsliv.

NIFU 2019 peikar på tre sentrale omsyn i fylkeskommunane si dimensjonering av vidaregåande opplæring:

- Kva aktørar som deltek
- Korleis dimensjoneringsprosessen blir organisert
- Vurderingar av ulike omsyn som til dømes eksisterande skulestruktur, søking og arbeidslivet sitt behov

Faktorar som tilbod, søking og behov i arbeidslivet er vevd inn i kvarandre. Forsking viser at det er eit reelt dilemma mellom omsynet til økonomisk forsvarleg drift på den eine sida og å oppretthalde tilbod i distrikta på den andre. I nokre tilfelle står interessene så sterkt at tilbod vert sett i gang sjølv om det går på tvers av omsyn som søkartal og læreplasstillfang (Høst og Reegård, 2019).

Meld.St.14 :11 *Kompetansereformen - Lære hele livet* presiserer at dimensjonering av vidaregåande opplæring bør i auka grad reflektere behovet i arbeidslivet og at fylkeskommunen har ei rolle i å formidle opplæringsbehov og sørge for utdannings- og opplæringstilbod som er etterspurt. Eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag føreset nær kontakt med utdannings-, nærings- og arbeidslivsaktørane (Meld.St.5, 2019-2020, Levende lokalsamfunn for fremtiden).

I tillegg til personlege vinningar for den unge og vaksne, er gjennomføring av vidaregåande opplæring også viktig sett frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv (Falch m.fl. 2009). Kvar elev som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring kostar samfunnet omlag kr 900.000 pr år (Senter for økonomisk forskning, 2009). For Vestland fylkeskommune vil det bety ein økonomisk samfunnsvinst på over 40 millionar kroner dersom vi aukar gjennomføringstallet med 45 elevar, tilsvarande ein elev pr vidaregåande skule.



Kunnskap og kompetanse er reiskapar for å kjempe mot og handtere dei utfordringane bærekraftmåla peikar på.



Innanfor dei tre områda er det er høg grad av samanfall i kva som er kjenneteikn på kvalitet

Kjenneteikn på kvalitet er ei støttande opplæring

- bygd på gode relasjonar
- i eit godt psykososialt læringsmiljø der alle kjenner seg likeverdige
- med høg grad av reel elev- og lærlingmedverknad
- der læringsarbeidet opplevast som relevant, nyttig og meningsfylt
- som kvalifiserer for vidare studium, arbeidslivet og deltaking i samfunnet

Saksnr: 2020/35844-4
Saksbehandlar Birthe Andersen Haugen
Dato: 02.10.2020

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om utsetting av handsaminga av ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Fylkestinget vedtok i sak 67/20 «Prinsipp for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune», hovudprinsippa som ny budsjettmodell skal bygge på. Vidare vart det vedteke at ny modell skal setjast i verk frå 01.08.2021. Det er lagt til grunn at det første året skal det vere overgangsordningar.

Etter planen skal ny budsjettmodell leggest fram for handsaming i fylkestinget i desember 2020. Administrasjonen er diverre noko forsinka med arbeidet og ny modell kan difor ikkje leggest fram for handsaming før våren 2021. Fylkesrådmannen legg opp til handsaming i opplæring og kompetanse i februar, deretter fylkesutvalet og til slutt fylkestinget i mars 2020. Utsettinga vil ikkje ha konsekvensar for innføringstidspunktet.

Skriftlege spørsmål

SI 17/20 Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - om lærebøker på nynorsk

Fra: Alexander Fosse Andersen (afa@sp.no)

Sendt: 04.10.2020 22:56:50

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til møte i OPPKO 13.10.20

Vedlegg: Spørsmål_nynorske_lærebøker.docx

Heisann,

sender over spørsmål til utvalsmøtet i OPPKO 13.10.20.

Med beste helsing

Alexander Fosse Andersen

Vestland Sp

Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om lærebøker på nynorsk

Ifølgje opplæringslova §9-4 kan ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre unntak, berre bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på både bokmål og nynorsk til same tid og til same pris. I samband med fagfornyinga vert det produsert nye læremiddel for VG1 som skal takast i bruk skuleåret 2020/21. I ein epost til hovudutval for opplæring og kompetanse 15.09.20 vidareformidla utvalsleiar korleis NDLA har jobba med å sikre læremiddel på begge målformer. I orienteringa frå NDLA kom det tydeleg fram at dei jobbar medvite for å fylgje parallellitetskravet for læremiddel.

Underteikna har fått informasjon om at det har vore utfordrande å skaffe læremiddel på begge målformer til skulestart i august 2020. Hafstad vidaregåande skule melder om at dei per 21.09 manglar naturfagbøker på nynorsk på VG1. Etter Senterpartiet si meining er dette eit klart brot på parallellitetskravet i opplæringslova og veldig ugreitt for elevlar med nynorsk som hovudmål.

Eg har difor desse spørsmåla til utvalsleiaren:

1. Er den manglande naturfagboka på nynorsk ved Hafstad vgs. eit særtilfelle? Og i kva grad er lærebøker/læremiddel tilgjengeleg på begge målformer for elevane i dei vidaregåande skulane i Vestland?
2. Kva gjer ein for å sikre at dei elevane som per i dag ikkje har læremiddel på ynskt målform får det?
3. Korleis kan Vestland fylkeskommune bidra til at forlag og andre produsentar av læremiddel oppfyller parallellitetskravet for læremiddel?

Fosse 04.10.20

Alexander Fosse Andersen
Vestland Senterparti

Politiske saker

PS 47/20 Høyringsvar frå Vestland fylkeskommune – «Bedre velferdstjenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (samarbeid, samordning og barnekoordinator)»

Saksnr: 2020/58749-2
Saksbehandlar: Berit Nyland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	47/20	13.10.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

Høyrings svar frå Vestland fylkeskommune – «Bedre velferdstjenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (samarbeid, samordning og barnekoordinator)»

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna «Bedre velferdstjenester for barn og ungdom med behov for sammensatt tjenestetilbud» slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

Samandrag

Høyringsnotatet «Bedre velferdstjenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (Samarbeid, samordning og barnekoordinator)» er utarbeidd av Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Kunnskapsdepartementet sende notatet på høyring 30.06.2020. Høyringsfristen er 01.11.2020. Høyringa er ein del av regjeringa Solberg sitt arbeid med å styrke oppfølging av utsette barn og unge og familiane deira gjennom ei likeverdsreform. Denne har som mål å gjere det enklare for familiar med barn og unge som har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha trong for langvarige og samansette omsorgs- og andre velferdstenester.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Høyringsnotatet er utarbeidd av Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Høyringa er ein del av regjeringa Solberg sitt arbeid med å styrke oppfølging av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Regjeringa ønskjer at alle barn og unge får oppleve eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø og at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. Ei likeverdsreform skal gjere kvardagen enklare for familiar med barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Målet er at kommunen sine ulike etatar skal samarbeide betre om hjelpetiltak til denne gruppa.

Forslaga i høyringa går ut på å harmonisere og styrke samarbeidsavtalar og lovfeste ei tydeleg plikt for kommunen til å avklare kva slags velferdsteneste som skal samordne tenestetilbodet for utsette barn og unge. Det vert føreslått å innføre ein rett til barnekoordinator for familiar med barn eller som venter barn med behov for samansette velferdstenester. Det vert også føreslått å harmonisere reglane om individuell plan og å innføre ei felles forskrift om individuell plan.

Høyringsnotatet inneheld forslag til endringar i helse- og omsorgstenesteloven, spesialisthelsetenesteloven, pasient- og brukerrettighetsloven, barnevernloven, barnehageloven, opplæringsloven, friskuleloven, sosialtenesteloven, NAV-loven, krisesenterloven, familievernkontorloven og introduksjonsloven. Høyringsnotatet med vedlegg er å finne på www.regjeringen.no.

Mandatet til utvalet

Regjeringa ønskjer at m.a. barnevernet, skulehelsetenesta, NAV, sosialtenesta og skulane skal samarbeide tettare og hjelpe kvarandre med å gi eit godt tilbod til utsette barn og unge.

På bakgrunn av dette er mandatet til utvalet at kommunane skal samordne tenestene slik at familiar med barn med alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetting skal få sin eigen barnekoordinator. Barnekoordinatoren skal sjå til at kommunane får eit velferdstenestetilbod som er koordinert og at dei får naudsynt informasjon og rettleiing.

Vestland fylkeskommune sitt arbeid med høyringa

Opplæringssektoren har hatt høyringsnotatet «Bedre velferdstenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (Samarbeid, samordning og barnekoordinator)» på høyring ved alle fylkeskommunale skular og rettleiingseiningar. Frist for å kome med innspel var 02. september. Ingen av desse har kome med høyringssvar.

Fylkesrådmannen har vurdert dei kapitla som gjeld vidaregåande opplæring. Høyringsnotatet er eit omfattande og komplekst dokument som er utarbeidd av 5 departement. Høyringsnotatet gjeld både grunnskulen og vidaregåande opplæring. Kompleksiteten og strukturen i framstillinga gjer at det ikkje er naturleg å kommentere alle kapitla. Alle lovforslaga og merknadane til endringane er samla i dei to siste kapitla i høyringsutkastet. Medan lovforslaga er samla i kapittel 14, inneheld kapittel 13 merknadar til desse, organiserte under tre tematiske overskrifter. Det er føremålstenleg å nytte desse i vurderinga.

Vedtakskompetanse

Jamfør reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune er det fylkesutvalet som kan vedta ei fråsegn på vegne av fylkeskommunen (pkt. 6. Reglement for folkevalde organ og delegering).

Vurderingar og verknader

Generell vurdering

Fylkesrådmannen meiner at høyringsnotatet viser ei grundig drøfting av samarbeid og samordning mellom velferdstenestene. Vurderinga om auka samarbeid ved oppretting av ein barnekoordinator

er godt gjennomarbeidd med bakgrunn i mandatet. Opplæringssektoren sine mål om auka gjennomføring av vidaregåande opplæring og ønske om å skape betre framtidsutsikter for barn og unge er godt ivaretekne.

Fylkesrådmannen er einig i framlegget som gjeld vidaregåande opplæring og støttar lovforslaga til opplæringsloven om individuell plan og forslag om å styrke oppfølging av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene og innføring av barnekoordinator.

Oppmerksomhetsplikt og opplysningsplikt til barneverntenesta

Opplæringslova § 15.3 er føreslått endra. Endringa inneber ei omformulering frå 'tilsett' til 'alle som utfører tenester eller arbeid etter lova', og slik gjere ansvaret mindre personavhengig. Fylkesrådmannen støtter endringa.

Plikt til å vere merksam på behov for andre tenester

Opplæringslova § 15.4 er føreslått endra. Endringa inneber ei omformulering frå 'tilsett' til 'alle som utfører tenester etter lova'. Fylkesrådmannen støtter endringa.

Samarbeid og samordning av tenestetilbodet

Departementa føreslår å harmonisere reglane for samarbeid, samt å innføre plikt til samarbeid for dei velferdstenestene som ikkje har den plikta i dag.

For opplæringslova og friskulelova er samarbeidsplikta heimla i §§ 15-8 og 3-6b og dei er føreslått endra for å harmonisere ordlyden i dei ulike lovane som denne plikta gjeld. Dette er drøfta grundig i kapittel 6 i høyringsutkastet.

Betre samordning av tenestetilbodet er eit hovudgrep i dei ulike departementa sine innspel til lovendingane. Det er slik vi kan nå føremålet med å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira. Dette gjerast tydeleg gjennom forslag om ny § 4A-14 Samarbeid og samhandling i opplæringslova. Lovteksten viser til at både kommune og fylkeskommune er pliktig til å samarbeide, også med andre tenesteytarar. Oppfølginga gjeld konkrete deltakarar som treng heilskaplege og samordna tenester, men ho skal også verke til at alle tenesteytarar kan ivareta oppgåvene sine etter lov og forskrift. Fylkesrådmannen støtter endringane.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Fylkesrådmannen ser at endringane som utvalet føreslår, vil ha ei betydning for folkehelsa. Forslaga inneber ei endring som kan kjempe mot ulikskap og sikre at fleire lukkast i skulen og fullfører vidaregåande opplæring som grunnlag for ei varig tilknytning til arbeidslivet. For det einskilde menneske er arbeid viktig for å vere økonomisk sjølvstendig, ha personleg utvikling og ein sosial arena.

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser høyringa som ein viktig del av målet om auka gjennomføring i vidaregåande opplæring og i vurderinga av tilbod om tilpassa opplæring.

Saksnr: 2020/47984-1
Saksbehandlar: Monica Håkonsli

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	16/20	07.10.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	48/20	13.10.2020

Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune, strategi 2020-2024

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2020-2024.
2. Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2020-2024, skal årleg justerast av hovudutval for opplæring og kompetanse i samsvar med opplæringslova § 10-8

Samandrag

Planen viser strategiar som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling og fornye fagleg og pedagogisk kompetanse hjå tilsette med oppgåver knytt til elevane og lærlingane si utvikling. Planen skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og gjennomføring. Eit hovudmål med strategien er å sikre en god innføring av nytt læreplanverk gjennom målretta og systematisk satsing på kompetanseutvikling og kunnskapsdeling som sikrar at kvar einskild medarbeidar i Vestland fylkeskommune har rett og framtidsretta kompetanse.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Kenth Rune Teigen Måren
leiar, seksjon for kvalitet i opplæringa

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling
- 2 Rapportering på bruk av midlar til kompetanse- og profesjonsutvikling for 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Opplæringslova § 10-8 kompetanseutvikling

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

Opplæringslova § 13-10 ansvarsomfang

Kommunen/fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er naudsynte for at krava skal kunne oppfyllast.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har i følgje reglement for folkevalde organ og delegering vedtakskompetanse i saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegering etter særlov.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Plan for kompetanse og profesjonsutvikling 2020 - 2024 skal årleg rullerast av hovudutval for opplæring og kompetanse. Den årlege justeringa av planen gir høve til å justere innsatsen i tråd med dei økonomiske rammene.


Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at strategi for Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune, strategi 2020-24 vert vedteken.



Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring

Strategi 2020-2024

Innhold

2.1	Nasjonale føringar	2
2.1.1	Fagfornyinga	2
2.1.2.	Kompetanse for kvalitet - Strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025	3
2.1.3	Yrkesfaglærarløftet.....	3
2.1.4	Desentralisert ordning - lokal kompetanseutvikling (Dekomp)	3
2.2	Lokale føringar	3
3.1	Kompetanseplanlegging- og kartlegging	5
3.1.1	Skulebasert profesjonsutvikling.....	5
3.1.2	Kompetanseutvikling gjennom heile fag - og yrkesopplæringa	5
3.2	Etterutdanning	5
3.3.1	Fagnettverk	5
3.3.2	Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av Vestland fylkeskommune som skuleeigar.....	6
3.3	Vidareutdanning	7
4.1	Pedagogiske kompetanseutviklingsområde	7
4.1.1	aktive læringsformer og støttande læringsmiljø.....	7
4.1.3	Pedagogisk bruk av IKT	8
4. 2	Fagleg pedagogisk leiarkompetanse.....	8
4.4	Yrkesfaglærarløftet - yrkesfagleg pedagogisk kompetanse.....	9
4.5	Profesjonsutvikling for nyutdanna lærarar	9
4.6	Interkulturell kompetanse	10
4.7	Rådgiving	10
4.7.1	Karriererådgiving	10
4.7.2	Sosialrådgiving.....	11
4.7.3	Rådgiving i oppfølgingstenesta (retteiingstenesta).....	11

4.7.4 Pedagogisk psykologisk rådgiving (rettleiingstenesta),.....	11
4.8 Spesialpedagogisk kompetanse.....	11
4.9 Skulebibliotektenesta	11

1 Innleiing

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune har læring, utvikling og fornying som grunnpilarar. Planen skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og gjennomføring for ungdom og vaksne. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområde og strategiar for ei langsiktig utvikling av kompetanse i sektoren. Målretta og systematisk satsing på kompetanseutvikling og kunnskapsdeling skal sikre at kvar einskild medarbeidar i vidaregåande opplæring har rett og framtidretta kompetanse.

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling er ein overordna plan for perioden 2020-2024. I planperioden skal hovudutval for opplæring og kompetanse årleg justere planen i samsvar med opplæringslova § 10-8:

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.

Dette medfører at opplæringssektoren må ha system som gir tilsette naudsynt kompetanseutvikling. Kompetanseutviklinga skal vere systematisk og ha som formål å fornye og utvikle den faglege og pedagogiske kompetansen hjå tilsette med oppgåver knytt til elevane og lærlingane si læring og utvikling, jf. opplæringslova § 13.10. Planen bygger også på hovudavtalen (Del B) og arbeidsmiljølova (§ 4-2) sine krav om kompetanseutvikling og fagleg og personleg utvikling.

Kort om planen

Målgruppene for plan for kompetanse og profesjonsutvikling er lærarar/instruktørar, skuleleiarar, faglege leiarar (bedrift), rådgjevarar, miljøarbeidarar/assistentar, bibliotektilsette og tilsette i rettleiingstenestene.

Oppbygging av planen

- *Nasjonale og lokale føringar*

Strategiar for kompetanseutvikling Kompetanseutviklingsområde Skuleåret 2020-21 er eit overgangsår til ny fylkeskommune. Frå 01.01.2020 blei Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar samanslegne til Vestland fylkeskommune. Budsjett og økonomiplan, vedteken i fylkestinget i desember 2019, inneheldt ei utfasingsperiode av eksisterande kompetanseutviklingsplanar fram 31.07. Nye plan for kompetanse og profesjonsutvikling vil gjelde for begge dei tidlegare fylkeskommunane. Budsjett, prioriteringar og tiltak for skuleåret 2020/21 ligg ved planen.

2 Nasjonale og lokale føringar

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling bygger nasjonale og lokale føringar. Vestland fylkeskommune sine hovudmål, læringsutbytte og gjennomføring, samsvarer med fagfornyninga si

målsetjing for elevar og lærlingar. Kompetanse og profesjonsutvikling er vesentleg for å realisere målsetjingane.

2.1 Nasjonale føringar

Plan for kompetanse og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune er forankra i styringsdokumenta:

- Opplæringslova med forskrift
- Læreplanverket med overordna del, fag og timefordeling og læreplanar for fag
- Meld. St. 28 (2015-2016) Fag - Fornyng - Forståelse
- Meld. St. 18 (2010-2011) Læring og fellesskap
- Meld. St. 20 (2012-2013) På rett vei
- Meld. St. 21 (2016-2017) Lærelyst - tidlig innsats og kvalitet i skolen
- Meld.St.14, 2019-2020 Kompetansereformen - Lære hele livet
- Meld.St.5, 2019-2020, Levende lokalsamfunn for fremtiden
- Strategi for fagfornyelsen
- Rammeverk for lærernes profesjonsfaglige digitale kompetanse (PfdK)
- Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene - lærerutdanning 2025
- Kompetanse for kvalitet - Strategi for videreutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025
- Yrkesfaglærerløftet - strategi for kompetanseutvikling for yrkesfaglærere
- FNs bærekraftmål

Felles for dei nasjonale føringane er eit *systematisk, kunnskapsbasert* og *dynamisk* arbeid med kompetanseutvikling

2.1.1 Fagfornyng

Med Kunnskapsløftet (06) endra læreplanane seg frå å vere målstyrte læreplanar til kompetansebaserte læreplanar og elevane si forventade læring blei ei viktig målsetjing. Overgangen førte til at behovet for vidareutdanning og kompetansebygging var stort og regjeringa lanserte kompetanseutviklingsstrategien - *kompetanse for kvalitet* med nasjonale satsingar og eit system for etter- og vidareutdanning for lærarar. Fagfornyng (LK20) har som mål å fornye og forbetre Kunnskapsløftet og Kunnskapsløftet samisk, og medverke til ein praksis som er forankra i pedagogisk, didaktisk, fagleg og empirisk forskning. Eit samfunn i endring krev ei opplæring som evnar å fornye seg.

Innhaldet i det nye læreplanverket blir fornya for å ruste elevane og lærlingane best mogleg for framtida. Læreplanane skal vere relevante og framtidsretta, og elevane skal utvikle kunnskap, dugleik, verdiar og haldningar som er viktige for dei sjølve og samfunnet. Dette er og eit sentralt mål imål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune:

Innhaldet i opplæringa er styrt av læreplanverket som består av overordna del, fag- og timefordeling og læreplanar i fag. Dei ulike delane av læreplanverket set retning for opplæringa og skal realiserast i alle fag.

Overordna del av læreplanverket utdjuvar verdigrunnlaget i føremålsparagrafen, § 1.1 i opplæringslova, og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Alle læreplanar for fag i grunnskulen og vidaregåande opplæring blir fornya med mål om å gje elevane eit betre grunnlag for å reflektere, vere kritiske, skapande, utforskande og kreative.

Læreplanane blir innført trinnvis over ein periode på tre år:

- Skuleåret 2020-21: 1.-9. trinn og Vg1 tek i bruk nye læreplanar.
- Skuleåret 2021-22: 10. trinn og Vg2 tek i bruk nye læreplanar.

Skuleåret 2022-23: Vg3 tek i bruk nye læreplanar. Overordna del gjeld frå skulestart i 2020 for alle trinn.

2.1.2. Kompetanse for kvalitet - Strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025

Målsetjinga er å styrkje elevane si læring og motivasjon ved å auke læraren sin faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta vidareutdanning. Det nasjonale strategidokumentet set rammer for satsingsområde og ansvarsfordelinga mellom dei ulike partane. Dette strategidokumentet er utarbeidd i samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, KS, lærarorganisasjonane og Universitets- og høgskulerådet. I strategien står det blant anna at det er viktig at fylkeskommunen: *«kartlegger behov for vidareutdanning på den enkelte skole og samarbeider med arbeidstakerne om langsiktige planer for kompetanseutvikling»*

2.1.3 Yrkesfaglærarløftet

Regjeringa har utarbeidd ein strategi med desse måla:

- auka rekruttering og kvalifisering av yrkesfaglærarane
- god kvalitet og relevans i yrkesfaglærarutdanninga
- gode moglegheiter for kompetanseutvikling

2.1.4 Desentralisert ordning - lokal kompetanseutvikling (Dekomp)

Meld. St. 21 (2016-2017) *Lærelyst - tidlig innsats og kvalitet i skolen* peikar på at nasjonale kompetanseordningar ikkje har gitt nok rom for å tilpasse satsingar lokalt. For å skape den forankringa som er naudsynt, ønskjer departementet at avgjerdslerog prioriteringar om kompetanseutvikling skal flyttast nærare dei som skal gjennomføre tiltaket. Den desentraliserte ordninga skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. Fylkesmannen, kommunane, fylkeskommunane, lokal UH (universitet eller høgskular) og andre relevante aktørar skal samarbeide for å kartlegge behov for kompetanseutvikling og planlegge utviklingsarbeidet. Staten overfører pengar til kommunane via fylkesmannen slik at kommunane sjølv kan bestemme kva område dei treng kompetanseutvikling innafor.. Det er per i dag desentralisert ordningar innan skule, yrkesfag, vaksne og spesialpedagogikk.

2.2 Lokale føringar

Plan for profesjon- og kompetanseutvikling er forankra i følgjande lokale plandokument:

- Budsjett og økonomiplanen
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, Mandat for mål og strategiar for vidaregåande opplæring
- Internasjonal strategi for Vestland fylkeskommune (i prosess).
- Plan for folkehelse (i prosess...)

Dei to siste er ferdigstilt og til politisk handsaming

3 Strategi for kompetanseutvikling i Vestland fylkeskommune

Mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring er det overordna styringsdokumentet for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. Måla og strategiane set føringar for kva innhald opplæringa skal ha og er såleis avgjerande for kompetansebehov og -utvikling.

Mål og strategiar skal syne ei utvikling av vidaregåande opplæring som gir ungdom både i sentrumsområda og distrikta eit likeverdig opplæringstilbod. Vidare skal strategien synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.

I mandatet for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune (vedtak 1/2020) presiserer hovudutval for opplæring og kompetanse at mål og strategiar skal setje ei tydeleg retning for utviklinga av vidaregåande opplæring. Opplæringa skal vere forankra i eit kunnskapssyn som utviklar heile menneske tufta på eit breitt kompetanseomgrep og i tråd med prinsipp og verdiar nedfelt i det nye læreplanverket (Fagfornyninga).

Kjernen i oppdraget og kjernen i kvalitet i opplæringa er **læring og utvikling for den enkelte elev og lærling**. Mål og strategiar skal utforme kjenneteikn på kvalitet og prioritere tiltak ut frå tre område (steg 1 i mandatet):

- trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap
- lærelyst og motivasjon
- læring, meistring og gjennomføring

Erfaring, forskning og innspel frå tilsette i sektoren, elevar og lærlingar viser høg grad av samanfall i kva som er kjenneteikn på kvalitet i vidaregåande opplæring:

Kjenneteikn på kvalitet er ei støttande opplæring

- bygd på gode relasjonar
- i eit godt psykososialt læringsmiljø der alle kjenner seg likeverdige
- med høg grad av reel elev- og lærlingmedverknad
- der læringsarbeidet opplevast som relevant, nyttig og meningsfylt
- som kvalifiserer for vidare studium, arbeidslivet og deltaking i samfunnet

Kjenneteikna skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar som set elevar og lærlingar i stand til å møte livet fagleg og sosialt.

Det er viktig for opplærings- og kompetanseavdelinga å etablere arenaer for kompetanseutvikling og eit system for kontinuerleg og systematisk arbeid med kollektiv kompetanseutvikling.

3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging

I perioden 2020-2024 skal det systematiske arbeidet med kartlegging av kompetansebehov styrkast, jf. opplæringslova § 10-8. Det er avgjerande at den einskilde skule og rettleiingsteneste har ei aktiv og medveten haldning til kva kompetanse dei har, og kva type kompetanse dei treng. På bakgrunn av kompetansekartlegging må skulane og rettleiingstenestene vurdere kva kompetanse det er behov for og utarbeide ein lokal plan for kompetanseutvikling som vert rullert jamleg. For aktørane innan fag- og yrkesopplæringa er det naudsynt med dialog mellom fylkeskommunen og dei sentrale aktørane i fag- og yrkesopplæringa om kva kompetansebehova er, og at det utarbeidast planar for opplæringa som er i tråd med dei lokale behova og dei nasjonale føringane.

3.1.1 Skulebasert profesjonsutvikling

Kunnskapsdepartementet og utdanningsdirektoratet har i dei seinare åra vektlagt større satsing på skulebasert kompetanseutvikling. Dette er ein strategi Vestland fylkeskommune vil følgje opp og prioritere i komande strategiperiode. Skulebasert kompetanseutvikling inneber at skulane arbeider med utviklingsprosessar på eigen arbeidsplass, gjerne i samarbeid med eksterne kompetansemiljø. Målet er å utvikle skulen si samla kompetanse når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Auka merksemd på skulebasert utvikling betyr at Vestland fylkeskommune i større grad må sjå kompetanse- og skuleutvikling i samheng.

3.1.2 Kompetanseutvikling gjennom heile fag - og yrkesopplæringa

Dei nasjonale føringane sine målsetjingar om høg og relevant kompetanse basert på lokale behov hjå lærarar, instruktørar, faglege leiarar, skuleleiarar og prøvenemndsmedlemmer. Fylkeskommunen har ansvar og skal vere drivkrafta i samarbeidsforum for å grunngi dei lokale behova. I samarbeidsfora deltek partane i arbeidslivet, lærarorganisasjonane, lærebedrifter, skulane, UH- sektor og fagskulane.

3.2 Etterutdanning

3.3.1 Fagnettverk

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse innfører fagnettverk som skal vere med å bidra til ei profesjonsutvikling på den enkelte skule og på tvers av skulane i tråd med intensjonane i fagfornyninga. Gjennom erfaringsdeling og kompetanseheving i fagnettverka er målet å skape engasjement, involvering og forståing for endra kultur for elevane si læring i tråd med føringane i fagfornyninga. Samstundes skal det takast med dei gode erfaringane med utvikling og kompetanseheving frå dei gamle fagnettverka i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fagnettverka skal

1. styrke lærarane sitt arbeid med intensjonane i det nye læreplanverket, vere eit tolkingsfelleskap og ein fagleg ressurs for lærarar, leiing og direktøren i arbeidet med "nye"

kompetansar som følgje av det nye læreplanverket.

2. jobbe med å vidareutvikle prinsippa for læring, utvikling og danning
 - i alle fag innanfor
 - sosial læring og utvikling
 - grunnleggande ferdigheiter
 - å lære og lære
 - i aktuelle fag innanfor
 - tverrfaglege tema folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling

Her inngår det mellom anna å

- identifisere og kartlegge behov for kompetanseutvikling.
- tilrå fagleg-pedagogiske kompetansehevingstiltak.
- drøfte og løfte sentrale problemstillingar knytt til utvikling av fagområda.
- styrke samarbeidet mellom vidaregåande opplæring og arbeidslivet/eksterne kompetansemiljø.

Fagnettverka er inndelt med i følgjande fag-/programområde:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag og datateknologi
- Frisør, blomster, interiør, eksponeringsdesign
- Framandspråk
- Helse- og oppvekstfag
- Handverk, design og produktutvikling
- Idrettsfag og kroppsøving
- Informasjonsteknologi og medieproduksjon
- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Naturbruk
- Norsk
- Realfag
- Restaurant- og matfag
- Samfunnsfag og økonomi
- Sal, service og reiseliv
- Teknologi- og industrifag

3.3.2 Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av Vestland fylkeskommune som skuleeigar

Vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune er ein stor og samansett sektor . Det er difor av stor verdi for einskilde grupper innan sektoren å ha ein kompetanseutviklingsarenaer saman med kollegaer..

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse ser det som ein sentral strategi for skuleeigar å legge til rette for slike læringsarenaer, og det vil i strategiperiode bli lagt vekt på å utvikle nettverk og sikre

møteplassar for relevant fagleg kompetanseheving og erfaringsdeling mellom personar frå ulike delar av sektoren med same stilling/funksjon. Det gjeld til dømes rådgjevarar og bibliotekansvarlege. Døme på tema/fagområde kan være skulemiljø, elevar frå språklege minoritetar, spesialpedagogikk, vidaregåande opplæring for vaksne, realkompetanseverdsetjing.

3.3 Vidareutdanning

Tilbod om vidareutdanning til lærarar og skuleleiarar i vidaregåande opplæring skal i hovudsak prioriterast på grunnlag av nasjonale og lokale behov og rammevilkår. Det er også viktig å sjå strategi for vidareutdanning som eit ledd i ein arbeidsgjevarpolitikk som tar omsyn til individuelle ønskje og behov for kompetanseutvikling, særleg i omstillingssituasjonar.

Med vidareutdanning meinast utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse og kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har noko utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanningane skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år skal drøftast i samband med den årlege rulleringa av planen.

komp. for k

4. Kompetanseutviklingsområder

Fagfornyninga og mål og strategiar for vidaregåande opplæring, omtala i kap. 2 og 3, er sentrale føringar for kva kompetanseutviklingsområde vidaregåande opplæring prioriterer for perioden 2020-2024.

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei prioriterte kompetanseutviklingsområda:

4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområde

Ungdom og vaksne i Vestland fylkeskommune skal møte ei opplæring av høg kvalitet. I eit støttande læringsmiljø opplever dei lærande gode relasjonar prega av reel deltaking i eige læringsarbeid og relevant opplæring.

4.1.1 aktive læringsformer og støttande læringsmiljø

I overordna del (2017) er det eit viktig prinsipp for læring, utvikling og danning at elevane og lærlingane er delaktige i eigne læringsprosessar. Dette stiller krav til at lærar og instruktør er gode leiarar med høg relasjonskompetanse og profesjonell dømmekraft.

Relasjonskompetanse

Relasjonskompetanse handlar om å skape eit positivt læringsmiljø, der elevane og lærlingane kan konsentrere seg og bli motiverte for læring og utvikling. Eit godt læringsmiljø er avgjerande for læring både i klasserommet, i verkstaden og i bedrifta. Korleis elevane og lærlingane trivst har innverknad på motivasjon og psykisk helse, som igjen legg grunnlag for framtidig livsmeistring. Manglande fagleg grunnlag, svak sosial tilhøyrse og helseutfordringar er blant dei viktigaste årsakene til svake skuleprestasjonar og fråfall. Relasjonskompetanse omfattar både emosjonell og fagleg støtte.

Elevaktive læringsformer og elev-og lærlingmedverknad

God relasjon legg grunnlaget for ein reel elev- og lærlingmedverknad der kvar einsemd blir sett, høyrte og spurt. Det tyder at eleven og lærlingen er aktive deltakarar som i samspel med kompetente vaksne, får utvikle seg til å bli metakognitive og sjølvregulerte i eige læringsarbeid. Kvaliteten i læringsfellesskapet og reel medverknad er sentrale element for at eleven og lærlingen lærer og utviklar seg. Læring er ein aktiv prosess som vert stimulert i eit samspel mellom alle deltakarar i læringsarenaen, og for at dei lærande skal klare å gjennomføre læringsoppgåvene er det avgjerande med eit støttande læringsmiljø. I eit læringsstøttande fellesskap møter elevane og lærlingane variasjon både i undervisning og vurdering.

Relevant opplæring

Gode læringsprosessar skal gi elevane og lærlingane kompetanse som er viktig for å få ein jobb og for å vere langvarig yrkesaktive. Opplæringa skal gi elevar og lærlingar ei relevant opplæring som gjer dei studie- eller yrkesførebudd, og kompetente til å handtere nye utfordringar i samfunn og arbeidsliv. Arbeidsmarknaden stiller stadig høgare krav til kompetanse, og oppdraget for vidaregåande opplæring er å lære elevane og lærlingane

(...) å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringar og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjonar. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenking (Overordna del, 2017, s.11).

Elevar og lærlingar som opplever innhaldet i opplæringa meningsfull og nyttig vil med stort sannsyn vere motiverte for faget.

4.1.3 Pedagogisk bruk av IKT

Fagfornyninga og implementering av nye læreplanar legg føringar for digitaliseringsarbeidet i skulen. For å nå målsettingane om at elevar skal "lære å lære", vere kreative, arbeide i djupna og tverrfagleg, må lærarane/instruktørar kunne bruke ulike verktøy/tenester og arbeidsmåtar/metodar knytt til desse. Bruk av IKT er såleis ein føresetnad for elevane og lærlingane si læring og utvikling av læringsarbeidet. Forsking peikar også på at bruk av IKT kan fremje deltaking, elev- og lærlingsentrert og dialogbasert (dialogisk) opplæring. Bruk av IKT i læringsarbeidet krev kontinuerleg kompetanseheving for elev, lærling, lærar, instruktør og leiar – særskilt i høve til verktøykompetanse og didaktisk forståing av korleis IKT kan nyttast i opplæringa. Det er etablert eit nasjonalt rammeverk for lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse (PfdK). Med dette rammeverket er målet å gi innhald og mening til omgrepet profesjonsfagleg digital kompetanse for lærarar. Rammeverket skal danne grunnlag for kompetanseheving for lærarar.

4. 2 Fagleg pedagogisk leiarkompetanse

Alle leiarane i dei vidaregåande skulane deltek i eit utviklingsprogram, Led-skule skule. Programmet er eit verktøy for å rekruttere, utvikle, støtte og ta vare på gode mellomleiarar og leiargrupper i skulen. Rammeverket fungerer som sjølvutviklingsverktøy og skal løfte fram mellomleiarar og leiargrupper som ressurs og utviklingsarenaar.

Led-skule har ekstra merksemd på å framheve mellomleiarar fordi forskning på deira rolle skildrar mellomleiarar som ein underutnytta ressurs.

Formål med programmet tek utgangspunkt i Overordna del (2017):

Det profesjonelle samarbeidet ved skolene forutsetter god ledelse. God skoleledelse forutsetter igjen ledelsesfaglig legitimitet og god forståelse av pedagogiske og andre utfordringer lærerne og andre ansatte står overfor. God ledelse prioriterer utvikling av samarbeid og relasjoner for å bygge tillit i organisasjonen. Skolens ledelse skal gi retning for og tilrettelegge for elevenes og lærernes læring og utvikling.

Skoleledelsen skal lede det pedagogiske og faglige samarbeidet mellom lærerne og bidra til å utvikle et stabilt og positivt miljø der alle har lyst til å yte sitt beste. Det er skoleledelsens oppgave å lede slik at alle får brukt sine sterke sider, opplever mestring og utvikler seg

4.4 Yrkesfaglærarløftet - yrkesfagleg pedagogisk kompetanse

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må sjåast i heilskapleg for å legge grunnlaget for at lærlingar og lære kandidatlar skal fullføre. Det fordrar tett kontakt mellom bedrift og skule gjennom heile opplæringsløpet. Dagens regjering ønskjer å motivere arbeidslivet til å delta i kompetanseutviklinga av yrkesfaglærarane. Bedrifter og bransjar har fagkompetanse, er oppdaterte på teknologi og metodar, og kan medverke til at lærarar som underviser framtidige lærlingar/arbeidstakarar, også får denne kunnskapen.

Yrkesfaglærarane bør ha egne kompetanseutviklingstilbod som er skreddarsydde for gruppa. Både nasjonalt og lokalt er det sett i gang tiltak for å få meir systematisk kunnskap om kva kompetansebehov yrkesfaglærarane har.

Hospitering fører til kompetanseheving og nettverksbygging både for dei tilsette i skulane og i bedrifta. Dette fører til ei utviding av skulane sine kontaktnett hos bedriftene, samt stimulerer til betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

4.5 Profesjonsutvikling for nyutdanna lærarar

Nyutdanna lærarar i Vestland fylkeskommune skal sikrast tett og god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. Utdanninga åleine er ikkje tilstrekkeleg førebuing til alle sider av læraryrket, og ei støtte i overgangen frå utdanning og yrke skal bidra til at den nyutdanna blir inkludert i eit profesjonsfelleskap. Lærarutdanning 2025, Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene seier mellom anna at:

“..veiledningen bidrar til en bedre overgang mellom utdanning og yrke, ved at de nyutdannede lærerne får en større trygghet og bevissthet om egen kompetanse og blir mer komfortable i rollen som lærer. Evalueringene viser samtidig at et godt arbeidsmiljø med støtte fra kolleger og ledelse og muligheter for faglig samarbeid, er viktige faktorer for den nyutdannedes opplevelse av å mestre sin nye yrkesrolle. De nyutdannede kommer også med kunnskap som kan bidra til nytenkning i profesjonsfelleskapet. Veiledningsordningen bør derfor sees i en større sammenheng, hvor både overgangen fra utdanning til yrke og inkludering i et profesjonsfelleskap står sentralt.”

Utdanning innanfor rettleiing for mentorar skal sikre at den rettleiinga nyutdanna lærarar får er målretta, systematisk og profesjonell. Nyutdanna lærarar må i tillegg sikrast gode og tilrettelagte læringsarenaer på tvers av skular der dei kan møte andre lærarar i same situasjon og dele erfaringar i ein trygg kontekst.

4.6 Interkulturell kompetanse

Den internasjonale strategien til Vestland fylkeskommune har som mål at internasjonalt samarbeid skal forsterke arbeidet med fylkeskommunens samfunnsoppdrag, og skal bidra til å skape meirverdi og kompetanse. Innanfor opplæringssektoren er det klare nasjonale føringar om at internasjonalt samarbeid skal ha ein naturleg plass i vidaregåande opplæring, både som ein del av allmenndanninga, gjennom kunnskap om internasjonale forhold, politikk, språk og kultur, men og for å styrke kvaliteten i opplæringa.

Fagfornyinga legg stor vekt på utvikling av interkulturell kompetanse. Det å erverve kunnskap om andre kulturar og andre måtar å tenke og løyse utfordringar på gjer at ein får meir kunnskap om seg sjølv og eigen kulturelle bakgrunn. Slik interkulturell kompetanse gjer ein i stand til å fungere positivt, reflektert og inkluderande i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling.

I tråd med nasjonale føringar og den internasjonale strategien til fylkeskommunen, har avdeling for opplæring og kompetanse som mål at internasjonalt samarbeid skal bidra til at lærarar, skuleleiarar og andre opplæringsansvarlege får kompetanseheving, auka interkulturell kompetanse og utvida kompetanse til å arbeid internasjonalt.

4.7 Rådgiving

4.7.1 Karriererådgiving

Val av utdanning og yrke blir opplevd som vanskeleg for mange elevar. Karriererådgivinga skal hjelpe elevane til å bli bevisst på sine egne verdiar, interesser og føresetningar. Eit godt system for karriererettleiing med høg kompetanse kan bidra til at den enkelte sine føresetnader og arbeidslivet sin etterspørsel etter kompetanse blir ivareteke på ein effektiv måte. Kompetansehevande tiltak vil i så måte knytast til karriererettleiing som læringsprosess, kor karrierelæring er sentral. Utvikling av karrierekompetanse og valkompetanse blir svært viktig i framtida.

4.7.2 Sosialrådgiving

Sosialpedagogisk rådgiving skal hjelpe den enkelte elev til å finne seg til rette i opplæringa. Den skal hjelpe elevane med personlege, sosiale og emosjonelle som utfordringar kan ha betydning for elevane si opplæring og sosiale forhold på skulen. Ein sosialpedagogisk rådgjevar er viktig i skulen si elevteneste og har tett samarbeid med interne og eksterne aktørar, til dømes PP-tenesta og skulehelsetenesta.

4.7.3 Rådgiving i oppfølgingstenesta (retteiingstenesta)

Oppfølgingstenesta har ansvar for ungdom som ikkje er i skule eller arbeid. I forskrift til Oppl.l §13-3 inneber ansvaret å etablere kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa med sikte på retteiing og oppfølging. Vidare gjeld ansvaret å følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta gjennom ei eller fleire retteiingssamtaler. Ungdom i denne målgruppa er har samansette behov og det er avgjerande at dei som arbeider her kan gi råd om yrkesval, hjelp til å komme tilbake i skule og retteie dei mot instansar kor dei kan søke hjelp for utfordringar som gjer at det er vanskeleg å stå i eit skuleløp eller i ein jobb.

4.7.4 Pedagogisk psykologisk rådgiving (retteiingstenesta),

PP-tenesta har ansvar for å hjelpe skule/bedrift i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar og lærlingar/lærekandidatar. For å sikre god og rett kompetanse på det spesialpedagogiske området vil det vere behov for kontinuerleg og planlagt kompetanseheving for å møte behova til elevar og lærlingar/lærekandidatar som treng særskilt tilrettelegging for å fullføre vidaregåande opplæring.

4.8 Spesialpedagogisk kompetanse

Skuleeigar skal sikre at skulen/bedriftene har kompetanse til å følgje opp og gje forsvarleg opplæring til elevar og lærlingar/lærekandidatar med særskilte behov. Dei ønskje råd om tilpassa opplæring og sakkunne om spesialundervisning. For å sikre god og rett kompetanse på det spesialpedagogiske området vil det vere behov for kontinuerleg og planlagt kompetanseheving for å møte behova til elevar og lærlingar/lærekandidatar som treng særskilt tilrettelegging for å fullføre vidaregåande opplæring.

4.9 Skulebibliotektenesta

Skulebibliotektenesta er ein viktig ressurs for å skape eit godt skule- og læringsmiljø der elevane får støtte og hjelp til å finne og utforske tekstar gjennom alle typar media og til alle typar emne og fag. Bibliotektenesta er i stadig utvikling i ein digital kvardag. Skulebibliotekaren er ein profesjonell rettleiar i kjedekritikk og kvalitetssikring av informasjon. Etterutdanning i høve dagens medielandskap er ei viktig investering. Særking av kompetansen skulebibliotekaren vil vere viktig for elevane si læring og læringsmiljøet, og bidra til å gjere biblioteket til ein læringsarena.

Rapportering på bruk av midlar til kompetanseutvikling for 2020.

ÅR 2020				
Ordning:	tal innvilga søknadar	VLFK midlar	Statlege - midlar	sum totalt
Vidareutdanning: (haust 2020)				
Vidareutdanning gjennom yrkesfaglærarløftet	73	235 000	5 089 000	5 324 000
Vidareutdanning gjennom kompetanse for kvalitet	97	2 278 000	8 682 150	10 960 150
Rektorutdanning	8	170 000	-	170 000
				-
Kompetanseutvikling. skulebasert og igjennom fag- og yrkes opplæringa:				-
Lærarspesialistordning (pilot) 4 skular	10	20 000	429 000	449 000
Dekom ¹ -skule, utviklingsarbeid 5 skular		1 149 980	3 833 268	4 983 248
Dekom ² - yrkesfag			3 721 000	3 721 000
Dekom ³ -vaksen		-	110 000	110 000
				-
Etterutdanning:				
Fagnettverk (tilbod til alle lærarar)		6 200 000		
ulike kurs og samlingar for tilsette		2 000 000		2 000 000
Anna:				-
Stipend til kvalifisering og rekruttering	36	-	5 610 000	5 610 000
				-
sum:	224	12 052 980	27 474 418	33 327 398

¹ Desentralisert ordning for kompetanseutvikling for skule

² Desentralisert ordning for kompetanseutvikling for yrkesfag, for yrkesfaglærarar, instruktørar faglege leiarar og prøvenemndsmedlemmer

³ Desentralisert ordning for kompetanseutvikling for vaksenopplæringa.

Saksnr: 2020/59045-1
Saksbehandlar: Svein Hågård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	34/20	16.09.2020
Fylkesutvalet	175/20	29.09.2020
Fylkestinget	104/20	29.09.2020
Yrkesopplæringsnemnda	17/20	07.10.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	49/20	13.10.2020

Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2019-2020

Forslag til innstilling:

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Emil Gadolin, A, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.»

Avrøysting (til utsetjing):

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vedtak

Saken vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Saken vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Fylkestinget ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

Fylkesordfører **Jon Askeland (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Samandrag

Årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2019-2020 vert i denne saka lagt fram for fylkestinget til orientering.


Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Elev- og lærlingombodet. Årsmelding 2019-2020



Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

For skuleåret 2019-2020

Innhald

Føreord.....	3
Innleiing.....	4
Prioriterte arbeidsområde for elev- og lærlingombodet i skuleåret 2019-2020.....	4
Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar	4
Førespurnader 2019-2020	5
Førespurnader som gjeld elevar 2019-2020.....	6
Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå elevar	7
Førespurnader som gjeld lærlingar 2019 -2020	7
Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå lærlingar	9
Korona.....	11
Fylkeskommunale lærlingsamlingar.....	12
Kurs for faglege leiarar og instruktørar	12
Informasjonsarbeid.....	12
Sosiale medier: Nettside, Facebook og Snapchat.....	13
Møte med elevråd	13
Samarbeid.....	14
Nytt mandat og vidare arbeid.....	15
Vedlegg:	16
Mandat for elev- og lærlingombodet i Vestland	16

Føreord

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lære kandidat (heretter omtala som lærlingar) i vidaregåande opplæring. Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt elev- og lærlingombod sidan 2004 Hordaland fylkeskommune sidan 2017. Etter fylkessamanslåinga er vi to elev- og lærlingombod, som brukar tittelen elev- og lærlingombodet i Vestland. Ombodet har ei rådgjevande og rettleiande rolle og er ikkje klageinstans.

Årsrapporten for skuleåret 2019-2020 vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet i denne perioden. Mandatet til elev- og lærlingombodet i Vestland vart vedtatt av fylkestinget i juni 2020. Ombodet har i skuleåret 2019-2020 arbeidd utifrå gjeldande mandat for elev- og lærlingombodet i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune og mandatet til tidlegare elev- og lærlingombod i Hordaland fylkeskommune. Frå 01.01.20 har funksjonen til elev- og lærlingombodet i Vestland vore organisert i seksjon for juridiske tenester under fylkesdirektør for organisasjon og økonomi.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring i Vestland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og uavhengig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål og informere elevar og lærlingar om deira rettar og plikter. Mykje av arbeidet går med til å halde innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å delta på ulike samlingar for lærlingar. Ombodet får gjennom ulike møte, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om stoda i vidaregåande opplæring i Vestland.

I rolla som ombod arbeider vi som oftast likevel med utgangspunkt i at elevar, lærlingar eller deira føresette stiller spørsmål ved noko, opplever at noko er vanskeleg, er misnøgd med noko, eller meiner at lover og retningslinjer ikkje er følgt. Ombodet si oppgåve blir då å belyse saka utifrå gjeldande reglar og lovverk, samt hjelpe eleven eller lærlingen med å gi tilbakemelding til dei ansvarlege på ein konstruktiv måte med ynskje om forbetring.

Denne våren har vore spesiell med både fylkessamanslåing og ikkje minst situasjonen med korona. Ombodet sitt generelle inntrykk er likevel at elevar og lærlingar stort sett har det bra, og er nøgde med opplæringa dei får.

Elev- og lærlingombodet sin årsrapport byggjer ikkje på statistiske data om opplæringa i Vestland, og skal difor ikkje brukast til å gi ei statistisk beskriving av opplæringstilbodet i fylket. Slike opplysningar er det fylkesrådmannen som samlar inn gjennom eksempelvis elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og kvalitetsmeldinga. Arbeidet som ombodet gjer er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, synleggjere utfordringar i den vidaregåande opplæringa, og for å styrke kvaliteten på det tilbodet elevane og lærlingane får. Ombodet har i året som har gått fått vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar med elevar og lærlingar. Det er mange som engasjerer seg for å skape gode opplærings- og oppfølgingssystem i det fylkeskommunale systemet i skulane og ute i lærebedriftene.

God lesnad!

Elev- og lærlingombodet i Vestland,
Sigrid Isdal og Venke Nordeide



Innleiing

Skuleåret 2019- 2020 var det i Vestland fylkeskommune 22689 elevar i vidaregåande skule, og 6277 lærlingar som fekk opplæring i lærebedrift. (Tala er henta frå skoleporten, Udir).

SKULEÅRET 2019-2020 I VESTLAND FYLKESKOMMUNE	
Elevar	22689
Lærlingar	6277
Sum	28966

Ombudsordninga er eit lågterskeltilbod, og ombodet har teieplikt. Når elevar og lærlingar tar kontakt med ombodet, er det ofte fordi dei ynskjer å få ein nøytral part «utanfrå» til å fortelje kva som er rett i høve gjeldande lovverk.

Ombodet fokuserer på korleis elevane og lærlingane sjølv kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis ein går fram for å ta opp ei sak med den ansvarlege. Målet er å løyse utfordringar og problem på lågast mogleg nivå, men samstundes belyse eventuelle brot på prosedyrar eller lovverk. Ombodet tilrår alle elevar og lærlingar til å ta kontakt så tidleg som mogleg dersom det dukkar opp spørsmål om rettar og plikter som dei er usikre på. Ombodet er ingen sakshandsamar eller klageinstans og har ikkje mynde til å gjere vedtak.

Prioriterte arbeidsområde for elev- og lærlingombodet i skuleåret 2019-2020

- Vere tilgjengeleg for elevar og lærlingar, svare på spørsmål om rettar og plikter, samt følgje opp førespurnader.
- Informasjonsarbeid retta mot elevar på yrkesfag som skal ut i lære.
- Informasjonsarbeid retta mot nye lærlingar ute i bedrift.
- Besøke elevråd ved vidaregåande skular.
- Kompetanseheving via Læringsmiljøsentret.
- Samanslåing av ombodstenesta i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland.

Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar

Her følgjer ei samla oppsummering av tilrådingane frå elev- og lærlingombodet etter skuleåret 2019-2020. Tilrådingane er gitt på bakgrunn av førespurnader som ombodet har fått, samarbeid med ulike partar i vidaregåande opplæring, erfaringar ombodet har gjort på skulebesøk og i møte med elevar og lærlingar.

- Opprette ein enkel og sikker “Melde-frå-kanal” for elevar på nettsidene til dei vidaregåande skulane. Her kan elevane på ein enkel måte melde frå om mobbing eller tilhøve i skulesituasjonen som ikkje vert opplevd som trygg og god. Dette kan også gjelde tilhøve som mobbing, utestenging, krenking, diskriminering eller fysiske tilhøve som ikkje er forsvarleg. Tidlegare Sogn og Fjordane har dei to siste åra hatt eit liknande system.
- Meir fokus på godt foreldresamarbeid i saker som omhandlar eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø.
- Forbetre digital informasjon ut til lærlingar om kven som kan hjelpe med kva når det gjeld vidaregåande opplæring i bedrift. Den enkelte lærling må få informasjon om kva rettleiingsteneste dei tilhøyrer, informasjon om kva Rettleiingstenesta kan hjelpe med og kva ansvarsområde dei har. Dette for at lærlingar lettare skal søke hjelp hjå fylkeskommunen når dei har behov for det. (app?)
- Gratis digitalt lærlingbevis for alle lærlingar i fylket. (app?)



Førespurnader 2019-2020


Samla har elev- og lærlingombodet registrert 394 førespurnader i skuleåret 2019-2020. Av førespurnadene omhandla 132 av desse elevar/opplæring i skule, og 262 av førespurnadene omhandla lærlingar/opplæring i bedrift.

Elevar og lærlingar tar i stor grad sjølv kontakt, men ofte er det også foreldre eller føresette som kontaktar ombodet. Ombodet vert i størst grad kontakta på telefon, e-post eller i samband med skulebesøk/læringsamlingar. Enkelte førespurnader er meir omfattande og går over lang tid, med fleire samtalar/møte, andre er korte med greie avklaringar som gjeld lovverk og rettar/plikter. Lærlingen/eleven må samtykkje til at nødvendig informasjon kan delast/hentast inn frå andre.

Ved førespurnad til ombodet får eleven eller lærlingen i dei fleste tilfelle informasjon og verktøy til å prøve å løyse utfordringane sjølv. Dei som tar kontakt får informasjon om at ombodet kan vere ei vidare støtte, om ønskjeleg.

Førespurnadene er kategorisert etter tema, men enkelte av førespurnadene er omfattande og rommar gjerne fleire ulike utfordringar, og kunne difor vore registrert under fleire tema. Omfattande førespurnader er difor registrert under tema som var mest beskrivande for førespurnaden og

utfordringa til eleven/lærlingen. Dette gjeld spesielt for lærlingane. Eksempelvis spørsmål om manglande opplæring, samt vidare informasjon om moglegheit til å byte lærebedrift eller rettar og plikter ved heving av lærekontrakt. Det kan altså til tider vere utfordrande å kategorisere ein førespurnad etter berre eitt tema.



Førespurnader som gjeld elevar 2019-2020

Tema	Førespurnader
Kap 9 A i opplæringslova/rett til trygt og godt skulemiljø	19
Spørsmål om vurderingsgrunnlag eller klage på karakter	14
Inntak: Skuleplass, bytte klasse, venteplass	11
Elevmedverknad	10
Spørsmål om tilrettelegging/behov for tilrettelegging	10
Korona relaterte spørsmål (eksamen, undervisning, endringar)	8
Fråværsreglement	7
Spørsmål/tolking av opplæringslova/forvaltningslova	7
Rettleiing vidare i systemet – elevar med psykiske utfordringar	6
Korleis ta opp vanskelege spørsmål med lærar	6
Lånekassen	6
Bytte av fag/søke fritak om fag	4
Spørsmål om privatisteksamen	4

Spørsmål om HMS	3
Finne fram i systemet	3
Ordensreglement	3
Klage på skule eller lærar	2
Elevar som vurderer å avbryte skulegang	2
Gratisprinsippet	2
Spørsmål om Yrkesfagleg Fordjuping (YFF)	2
Spørsmål om studentrabatt/rabatt for elevar	1
Utvising	1
Fråvær av lærar – bruk av vikar	1
SUM	132

Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå elevar

Frå elevar var det flest førespurnader som omhandla retten til eit trygt og godt skulemiljø, tilrettelegging, klage på karakterar og spørsmål rundt vurderingsgrunnlag.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde i april 2018 vedtak om at alle vidaregåande skular skulle opprette ein «mobbeknapp/meldekknapp» på sine heimesider. «Meldeknappen» fungerte som eit «lågterskeltilbod» for å melde frå til skulen om mobbing. På denne måten vart det enklare å melde frå, og rektor kunne raskt ta tak i sakene som omhandla elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Ombodet meiner at omgrepet «mobbeknapp» kan nyanserast, og foreslår å kalle det «Melde frå knapp» eller «Sei ifrå-knapp». Dette fordi det bør vere mogleg å melde frå om til dømes utestenging, einsemd, diskriminering eller fysiske tilhøve som ikkje er forsvarlege.

Ein gjengangar, uavhengig av kva saka gjeld, er verdien av det gode samarbeidet mellom skule og føresette. Saker kan eskalere dersom føresette opplever det frustrerande eller utfordrande å ta opp problem/spørsmål med skulen som gjeld egne born. Når det gjeld førespurnader som omhandlar eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, erfarer ombodet at det kan vere viktig å setje i gang tiltak også for å styrke det viktige foreldresamarbeidet. Eksempelvis er det viktig at tema om godt skulemiljø og samarbeid vert tatt opp alt på første foreldremøte ved skulestart.

Foreldre kan oppleve å ikkje bli høyrd eller ikkje forstått. Det gode samarbeidet mellom foreldre og skulen er viktig for eleven. Positiv kommunikasjon er viktig, og i sårbare situasjonar er det spesielt viktig å tenke på korleis ein ordlegg seg både munnleg, men også i skriftleg kommunikasjon. I nokre tilfelle kan ein sjå at kommunikasjonen frå skulen skapar avstand i samarbeidet med føresette, og dette er ikkje til eleven sitt beste.

Førespurnader som gjeld lærlingar 2019 -2020

Tema	Førespurnadar
------	---------------

Tariffavtale/lønn/overtid/feriepenger	37
Manglande opplæring/oppfølging/tilbakemelding/halvårsvurdering	27
Lærlingar som vurderer å slutte, spørsmål om bytte av lærebedrift/heving av lærekontrakt	25
Manglande trivsel/konflikt/mobbing/trakassering på arbeidsplass	18
Finne fram i systemet: Råd om ulike vegar til fagbrev, søke lære plass	18
Ikkje fått lære plass. Råd og rettar	13
Tilrettelegging/søke fritak for fag	13
Lærlingbevis/rabattordning for lærlingar	10
Diverse avklaringar/lovtolkingar arbeidsmiljølova	10
Heving av lære plass - ønska av bedrift	9
Læretid vs verdiskaping - bruk av lærling som vikar	8
Koronarelatert: Permittering, fagprøve, sjukdom, eksamen	8
Arbeidsgjevar sin styringsrett: Ferie, fri, permisjon	7
Uklar ansvarsfordeling på arbeidsplassen	7
Lånekassen	7
Forkorting/forlenging/avbrot læretid	6
Fagprøve: Gjennomføring, klage	5
Korleis ta saker opp med overordna	5
Ikkje fått dokumentasjon på bestått fagprøve.	5
Rettar og plikter i høve arbeidsmiljø/korleis førebyggje mobbing	5
Mangel på informasjon om lærlingordninga til dei tilsette i lærebedrifta	4
Ta fag/ta opp att fag/eksamen undervegs i læretida	3
Manglande arbeidskontrakt	3
Manglande oppmelding til fagprøven	2
Finne fram i systemet – helsehjelp	2
Arroganse frå opplæringskontor	2
Delvis opplæring i bedrift. Korleis gå fram	1
Finne fram i systemet - Rett til påbygg etter læretid	1
Gratisprinsippet	1
Sum	262

Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå lærlingar

Ombodet har hatt ein del førespurnader som omhandlar det å finne fram i det fylkeskommunale systemet når det gjeld lærlingordninga. Eksempel: Kven har ansvar for å løyse kva? Dette kan ha samband med omlegging til nytt fylke, nye seksjonar med nye namn, og tilsette som har fått endra arbeidsoppgåver.

Nettsidene til www.vlfk.no vert stadig betre, men det kan vere vanskeleg for elevar, lærlingar og føresette å finne fram i systemet. Det er viktig med brukarmedverknad i utarbeiding av best mogleg nettsider når det gjeld aktuell informasjon for lærlingar. Rettleiingstenesta er enno berre i startfasen og treng tid til å etablere seg, men det er viktig at brukarane våre står i fokus og at det skal vere enkelt for lærlingar å finne fram når dei treng informasjon og hjelp.



Følgje opp lærlingar ute i bedrift

Lærlingane har behov for å melde frå til fylkeskommunen på ein enkel måte når dei ikkje får den opplæringa dei har rett på. Siste året er det fleire førespurnader som går på manglande opplæring, og ønske om å heve lærekontrakt eller byte lærebedrift. Dette viser eit bilete av fleire lærlingar som ikkje har det greitt, og som strever med å finne ut av kva rettar dei har, kva lærebedrifta skal hjelpe med og kva fylkeskommunen kan bidra med.

Ombodet har vist fleire lærlingar vidare til Rettleiingstenesta for å be om eit bedriftsbesøk. Når bedriftene ikkje følgjer pliktene sine som lærebedrift, er det ofte behov for eit bedriftsbesøk frå Rettleiingstenesta, der eksempelvis intern opplæringsplan og halvårsvurdering vert etterspurd. Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø, jamfør opplæringslova § 4-4. Dette er noko Rettleiingstenesta bør ha fokus på ved bedriftsbesøk.

Kvifor vel enkelte lærlingar å byte lærebedrift?

Fleire lærlingar søker råd frå ombodet om moglegheit til å byte lærebedrift. Lærlingen kan ha fleire utfordringar der dei er, og får kanskje ikkje rettane sine oppfylt i høve opplæringa dei har krav på. Likevel ønskjer fleire ei «enkel avslutning» der dei er, for å komme seg raskt vidare for å fullføre utdanninga i ei anna bedrift. Lærlingane endar ofte opp med å heve lærekontrakten i semje med lærebedrifta. Dei er redde for «represaliar» dersom dei er ærlege om bakgrunnen for heving. Mange lærlingar tar opp bekymring om eit lite miljø der bedrifter snakkar saman, og dei er redde for å ikkje få med seg gode referansar.

Dersom lærlingen er samd i å avslutte læretida, kan dårleg læremiljø, eller manglande opplæring, ende opp med å ikkje bli registrert i fylkeskommunen sine register som bakgrunn for hevinga.

Behov for tilrettelegging ute i lærebedrifta - lærekandidatordninga

Ombodet registrerer fleire førespurnader frå lærlingar der dei fortel at lærebedrifta har gitt tilbakemelding om at dei ønskjer å heve lærekontrakten, medan lærlingen gjerne vil fortsette.

Mange elevar har behov for tilrettelegging i skulen, og fleire vil framleis ha behov for tilrettelegging når dei kjem ut i lære. Ombodet ser ein auke i saker der lærebedriftene ønskjer å heve lærekontrakten på bakgrunn av at lærlingen ikkje presterer på det nivået som bedrifta stiller krav om. Ofte er dette lærlingar som treng ekstra oppfølging, og dei treng noko meir tid på å lære seg godt fagarbeid. Dei er også lærlingar som er plikttoppfyllande og som har eit stort ønske om å få vere i arbeid.

Ovannemnde gjeld lærlingar som ikkje har brote pliktene sine. Difor har ikkje lærebedrifta grunnlag for å heve kontrakten, jamfør opplæringslova § 4-6. Likevel meiner bedriftene at dei er ute av stand til å følgje opp lærlingen, og dei søker fylkeskommunen om å få heve lærekontrakten. I enkelte tilfelle vert lærekontraktar omgjort til opplæringskontrakt, der lærling går over til å bli lærekandidat. Likevel er det slik at få ungdommar ønskjer å bli i ei lærebedrift der dei ikkje føler seg velkommen. Ein del av desse sakene endar med at lærlingen seier seg einig i å avslutte læretida.

Dette er ein tendens vi som samfunn må ta på alvor. Å få lov å vere ein aktiv del av arbeidslivet er viktig. Det forutset støtte til lærebedriftene slik at dei er i stand til å kunne ta på seg denne viktige arbeidsoppgåva. Det er samfunnsøkonomisk gunstig å utdanne ungdom slik at dei har moglegheit til å få bli i arbeidslivet.

Lærekandidatordninga kunne i større grad vore brukt, men bedriftene må også ha ressursar til å følgje opp ein lærekandidat. Bedriftene må tenke på produksjon, men samfunnet har lite å tene på at ungdom som ønskjer å arbeide ikkje får anledning til å bidra med den kunnskap, styrke og kapasitet som dei har.

Digitale lærlingbevis

På samlingar med nye lærlingar har spesielt spørsmålet om «lærlingbevis» dukka opp. Fleire fylkeskommunar, eksempelvis Nordland fylkeskommune, har slike digitale lærlingbevis til lærlingane. Lærlingar kan i fleire tilfelle få såkalla «lærlingrabattar», til dømes på buss. Ombodet legg merke til at

lærlingane stadig etterspør slike bevis, og vi tilrår fylkeskommunen å bidra med å opprette slike digitale «lærlingbevis».

Lærlingar i helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget

Ombodet har fått fleire førespurnader frå lærlingar i helsearbeidarfaget. Spørsmåla omhandlar ofte arbeidstid, lønn og andre arbeidstilhøve. Eksempelvis har vi merka oss fleire spørsmål frå både lærlingar og tilsette i denne bransjen som etterspør klare reglar på kva som blir rekna for opplæring og kva som er såkalla verdiskaping.

Fleire lærlingar har gitt uttrykk for at dei føler seg «brukt» som arbeidskraft, og blir sett inn i «vanlege vakter» før dei har følt seg klar for dette. I denne bransjen kjem lærlingane tett på liv og død, og opplevingane kan vere sterke. Vi ser det som viktig at bransjen tek omsyn til dette, og ikkje let lærlingar få for stort ansvar i slike situasjonar før dei er klar for det.

Ombodet registrerer også at fleire lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget stiller spørsmål om dei skal brukast som vikar når andre tilsette er sjuke. Dette er også ein bransje som er prega av at lærlingar tidleg får mykje ansvar.



Korona

I perioden med stengde skular og fleire permitteringar kom det førespurnader frå både elevar og lærlingar. Spørsmåla omhandla reglar for permittering, manglande informasjon frå lærebedrifta om korona, delvis arbeid under permittering, spørsmål om sjukepengar, gjennomføring av læretid og fagprøve, samt spørsmål om privatisteksamen.

Frå elevane kom dei meir spørsmål mot slutten av skuleåret, då skulane gradvis opna opp. Desse førespurnadane omhandla vurderingsgrunnlag, manglande undervisning, samt for hyppig gjennomføring av prøvar.

Ombodet ønskjer å trekke fram "Støttetelefonen for elevar og lærlingar" som eit godt tiltak i den spesielle tida denne våren. Det var også gledeleg å sjå at fleire av elevtenestene ved skulane var tidleg ute med informasjon om at elevtenesta var digitalt open, sjølv om skulen var stengt.

Fylkeskommunale lærlingsamlingar

I tidlegare Sogn og Fjordane vart det arrangert regionvise lærlingsamlingar kvart år. Samtlege førsteårslærlingar vart inviterte til felles informasjon om rettar og plikter. Ulike instansar vart inviterte til å halde innlegg om aktuelle tema som vedkjem lærlingar. Lærlingsamlingane er ein fin måte å nå ut til mange på same tid med viktig informasjon frå fylkeskommunen.

Fleire større lærebedrifter og mange av opplæringskontora arrangerer eigne samlingar for nye lærlingar. Likevel er det fleire som ikkje får slik informasjon i starten av læretida, og dette bør difor vere eit tilbod som fylkeskommunen kan gi. Slike tilbod kan også arrangerast som webinar som vert streama med opptak. I slike tilfelle kan lærlingane finne fram igjen til informasjonen når det høver.

Kurs for faglege leiarar og instruktørar

Både faglege leiarar og instruktørar ute i lærebedriftene er nøkkelpersonar i høve til lærlingane. Det at desse nøkkelpersonane får felles informasjon frå fylkeskommunen, om kva som kan forventast av dei og av lærlingane, er med å kvalitetssikre opplæringa. Det gir òg ei moglegheit til i større grad å ta kontakt om det er behov for oppfølging frå fylkeskommunen. Ein del av førespurnadene til elev- og lærlingombodet gjeld manglande informasjon om lærlingordninga hos dei tilsette rundt lærlingen.

Elev- og lærlingombodet vil rose arbeidet som tidlegare har vore gjort i fylka med kurs og opplæring av faglege leiarar og instruktørar, og vil samstundes presisere kor viktig det er å halde fram med desse kursa. Med tanke på dei ulike fagdagane, og kursa som vert arrangert for lærarar, bør det i større grad også komme tilbod frå fylkeskommunen om fagdagar og kurs for faglege leiarar og instruktørar ute i lærebedriftene.

Informasjonsarbeid

Ei av hovudarbeidsoppgåvene til ombodet er å gjere ombodsrolla kjent for elevar og lærlingar, i opplæringsavdelinga og på skular og i lærebedrifter. Informasjon om elevar og lærlingar sine rettar og plikter er ei viktig informasjonsoppgåve.

Ombodet har brukt fleire tilnærmingar for å nå ut til elevar og lærlingar. Ombodet har prioritert å besøke flest mogleg elevråd, gi informasjon til nye lærlingar, samt å gi generell informasjon om lærlingordninga til Vg2 elevar på yrkesfag. Innlegga/foredraga kan variere frå 15 min til 3 timar.

Ombodet har hatt «stand» på vidaregåande skular for å nå ut til elevane med informasjon. I tillegg har ombodet fått tildelt kontor/grupperom på skulane for enkeltsamtalar. Det blir då gitt informasjon til elevane i forkant om at ombodet er å treffe for enkeltsamtalar på oppgitt dato. Målet er at terskelen

skal vere låg for å ta kontakt. Då legg ombodet til rette for at problem blir løyste raskt på lågast mogleg nivå, og mellom dei partane saka gjeld.

Ombodet har som mål å besøke flest mogleg elevråd om hausten. Dette er både for å informere elevrådet om ombodsrolla, men også for å setje elevmedverknad på dagsorden.

Elev- og lærlingombodet ser at ein også kan supplere informasjonsarbeidet med digitale møte eller webinar for å nå ut til flest mogleg.

Sosiale medier: Nettside, Facebook og Snapchat

Elev- og lærlingombodet har ei eiga nettside på www.vestlandfylke.no/elevoglarlingombod, eiga facebookside, samt at ombodet frå hausten 2018 også har vore å treffe på Snapchat. På nettsida for elev- og lærlingombodet finn ein informasjon om ombodet si rolle og arbeidsoppgåver, samt kontaktinformasjon. Det er viktig at kvar enkelt skule også linkar til elev- og lærlingombodet si nettside, slik at denne tenesta vert gjort kjent for elevane på den enkelte skule si heimeside. Facebooksida «Elev- og lærlingombodet i Vestland» vert brukt til å legge ut relevant informasjon om vidaregåande opplæring. Snapchat vert i stor grad nytta til å kommunisere med elevar/lærlingar, og er først og fremst meint som ein informasjonskanal. Elevar og lærlingar ber gjerne om presiseringar eller meir informasjon i høve til informasjon som vert langt ut på Snapchat. I samtale med elevar og lærlingar har ombodet fått gode tilbakemeldingar på bruk av Snapchat, og det har også kome førespurnader om å ta i bruk Instagram i større grad. Når ombodet legg ut informasjon på Snapchat er det i gjennomsnitt ca. 350 personar som ser desse.



Elev- og lærlingombod Venke Nordeide på skulebesøk.

Møte med elevråd

Når ombodet besøker elevråd er tema gjerne ombodsrolla, elevmedverknad, elevrådsarbeid, korleis ta opp vanskelege saker, rolleavklaring og skulemiljø. Kapittel 9 A i opplæringslova seier noko om elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dette er tema som elev- og lærlingombodet tar opp på skulebesøk og i møte med elevråda. Det er viktig at elevane sjølv blir aktive i arbeidet med å

førebyggje mobbing. Ombodet har lagt merke til at fleire skular har sett fokus på dette inneverande skuleår.

Opplæringslova slår fast at det er den enkelte skule som har ansvar for å ha eit elevråd som fungerer. Det er viktig er at det blir sett av nok tid til dette arbeidet på kvar skule. Det bør ikkje bli slik at elevråda berre jobbar med velferdsoppgåver. Elevane har rett til å bli høyrde i alle viktige saker som vedkjem skulekvardagen. Dette krev at leiinga oppfordrar til synspunkt frå elevrådet, og følgjer opp saker som elevane sjølve tek initiativ til.

Ombodet oppfordrar elevråda til å vere aktive og «frampå» med synspunkt når det gjeld alle sider av skulekvardagen. Det er viktig at elevane sjølve blir oppmuntra til å skape gode læringsmiljø gjennom inkluderande trivselstiltak som kan førebyggje mobbing og utestenging.

Samarbeid

For ombodet har det vore viktig å samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring. Dette gjeld både interne samarbeidspartnarar som seksjonar i opplæringsavdelinga og vidaregåande skular, men også eksterne samarbeidspartnarar som lærebedrifter/opplæringskontor, Elevorganisasjonen og ulike fagorganisasjonar.

Ombodet har samarbeidd med Elevorganisasjonen, spesielt i høve til arbeidet med å besøke alle elevråd, for å gi felles informasjon om elevmedverknad og elevrådsarbeid.

Ombodet legg spesielt merke til det gode arbeidet ein del opplæringskontor og lærebedrifter gjer når det gjeld oppstart og introduksjonskurs for nye lærlingar. Elev- og lærlingombodet blir invitert med på fleire slike samlingar kvart år. Det er positivt å kunne bidra med informasjon og kunnskap, men ikkje minst få høve til å treffe alle dei nye forventningsfulle lærlingane. På slike samlingar får lærlingane ein gjennomgang av kven som har ansvar for kva; lover og reglar, rettar og plikter. Dei blir kjende med systemet og kvarandre. På denne måten vert lærlingane møtt på ein trygg og god måte. Ombodet oppmodar spesielt alle opplæringskontor og større lærebedrifter til å ha slike oppstartssamlingar med lærlingane.



Samarbeid med mobbeombodet i Vestland

Elev- og lærlingombodet samarbeider tett med mobbeombodet i Vestland. Omboda er organiserte i same seksjon, og vi samarbeider både i høve til ombodsrolla, i enkeltsaker og held også enkelte innlegg saman.

Elev- og lærlingombodet vil spesielt trekke fram gleda ved å halde innlegg saman med mobbeomboda, som vi til dømes gjorde på første samlinga til Vestland ungdomsutval. Det er positivt å delta på slike arenaer der ungdomsdemokrati står i høgsetet.

Samarbeid med elev- lærling og mobbeomboda i Norge –ELMO

Elev- og lærlingomboda i Norge, og dei fylkeskommunale mobbeomboda i Norge, har danna eit felles nettverk: «Elev- lærling,- og mobbeombud i Norge» også kalla «ELMO». Nettverket driv to felles nettsider: www.elevombudene.no og www.elevråd.no. Nettverket arrangerer i fellesskap to samlingar i året. Samlingane vert arrangert i eit «vertsfylke». På samlingane er det innlegg med relevante tema, erfaringsutveksling samt at sjølve ombodsrolla alltid er eit relevant tema. Omboda har hyppig kontakt gjennom digitale møte og samlingar, e-post, og Facebook. Nettverket har ingen leiar, men har eit «arbeidsutval». Frå 2018 består arbeidsutvalet av fem ombod. To elev- og lærlingombod, og tre mobbeombod. Elev- og lærlingombodet i Vestland er valt inn i arbeidsutvalet, og har vore det sidan hausten 2017. Arbeidsoppgåvene til arbeidsutvalet er å koordinere fellesarbeidet til alle omboda i Norge; eksempelvis felles nettsider, planlegging av samlingar og innhald til fellessamlingar, eller digitale møte. Frå våren 2019 har alle elev- lærling-, og mobbeomboda i Noreg fått tilbod om gratis kompetanseheving via Læringsmiljøsentret i Stavanger.

Nytt mandat og vidare arbeid

10. juni 2020 vedtok Vestland fylkesting nytt mandat for elev- og lærlingombodet i Vestland. Nytt mandatet er lagt ved denne årsmeldinga som vedlegg.

Det vil alltid vere førespurnader frå elevar og lærlingar som er første prioriterte arbeidsoppgåve for elev- og lærlingombodet. Førespurnader som omhandlar eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø har alltid vore ein del av arbeidsoppgåvene til elev- og lærlingombodet, men fleire av desse førespurnadane har tidlegare gått til mobbeombodet (i Hordaland). Mobbeombodet i Vestland har fått endringar i sitt mandat, og har ikkje lenger elevar i vidaregåande opplæring i si målgruppe. Dette vil truleg føre til ein auke i mengd førespurnader til elev- og lærlingombodet.

Elev- og lærlingombodet ser nytten av digitale møte og webinar der det er mest hensiktsmessig.



Vedlegg:

Mandat for elev- og lærlingombodet i Vestland

Mandat for elev- og lærlingombod i Vestland vart vedtatt i Vestland fylkesting 10. juni 2020. Vestland fylkeskommune har to elev- og lærlingombod. Ombodet har ei rådgjevande og rettleiande rolle og er ikkje ein klageinstans.

1. Elev- og lærlingombodet i Vestland

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lærekandidatar (heretter omtalt som lærlingar) i vidaregåande opplæring.

Elev- og lærlingombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod som elevar, lærlingar og føresette lett skal kome i kontakt med. Ombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivaretekne rettane sine.

Ombodet arbeider for at alle elevar og lærlingar skal få ei rettferdig behandling etter lov, forskrift og fylkeskommunalt regelverk, og er ein pådrivar for at skular og opplæringsinstitusjonar følgjer dei retningslinjer og lover som omhandlar elevar og lærlingar sine rettar. Ombodet skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring for å minne dei ansvarlege på at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad

2. Målgruppe

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar og lærlingar innanfor det fylkeskommunale opplæringstilbodet og private vidaregåande opplæringstilbodet.* Alle elevar og lærlingar, uavhengig om dei er i eit fylkeskommunalt eller privat vidaregåande opplæringstilbodet, skal kunne ta kontakt med elev- og lærlingombodet og få hjelp.

3. Teieplikt

Ombodet har teieplikt og saker blir ikkje brakt vidare utan samtykke.

4. Organisering, rapportering og initiativrett


Ombodet skal utarbeide årsmelding til fylkestinget.

Ombodet skal ha systematisk kontakt med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen, med faste møtepunkt fleire gonger i året.

Dei fylkeskommunale observatørane i styra til dei private vidaregåande skulane skal syte for at årsrapport frå elev- og lærlingombodet vert handsama i styra i dei private vidaregåande skulane.

Elev- og lærlingombodet er ein del av eit nasjonalt nettverk for fagleg utvikling og erfaringsdeling på tvers av fylka.

* Dersom dei private vidaregåande skulane ynskjer besøk av elev- og lærlingombodet, må dei dekkje kostnadene med dette sjølv.



vestlandfylke.no